




Viltet i Masfjorden

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Masfjorden kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

Viltet i Masfjorden

Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane

Masfjorden kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 10/2003

Foto på framsida (frå toppen):

Havørn. Viktig viltart i Masfjorden, med fleire hekkepar enn dei fleste andre kommunar i Hordaland kan vise fram (foto: Ingvar Grastveit).

Dvergspett. Masfjorden har store skogområde, og mange av desse er gode leveområde for spettar, mellom anna dvergspetten (foto: Ingvar Grastveit).

Hjort. Masfjorden er ein av dei verkeleg gode hjortekommunane i Hordaland. I 2001 vart det felt 240 dyr i kommunen (foto: Ingvar Grastveit)

Padde. Padda er utbreidd i Masfjorden på eigna stader, men bestanden kan ikkje måle seg med situasjonen i t.d. Austrheim og Lindås (foto: Ingvar Grastveit).

Raunøy naturreservat. Dette er eitt av i alt tre område i Masfjorden som er verna i medhald av naturvernlova.

Røyskatt. Det finst etter måten mange artar av landpattedyr i Masfjorden, noko som i hovudsak skuldast at storparten av arealet her er landfast (foto: Ingvar Grastveit).

Siland. Dette er truleg den vanlegaste andearten i Masfjorden. Silanda er ein ansvarsart i Noreg, og Fensfjorden er det aller viktigaste vinterområdet for arten på Vestlandet nord for Boknafjorden (foto: Ingvar Grastveit)

Ansvarlege institusjonar: Masfjorden kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavinga	Rapport nr: MVA-rapport 10/2003
Tittel: Viltet i Masfjorden. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	ISBN: 82-8060-017-5 ISSN: 0804-6387
Forfattarar: Stein Byrkjeland og Olav Overvoll	Tal sider: 44 + vedlegg
Kommunalt prosjektansvarleg: Ottar Myrtveit	Dato: 09.02.2004
<p>Samandrag: Etter initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernaving, har Masfjorden kommune gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde i kommunen. Målet med kartlegginga har vore å gje kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga og å presentere ein kunnskapsstatus for viltet i kommunen.</p> <p>Medan tidlegare viltkart nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar den nye kartlegginga alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet. Dvs. alle førekomande artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og landpattedyr. Eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt, for Masfjorden sin del med stor vekt på skog- og fjellevande viltartar. Det er elles lagt særleg vekt på truga og sårbare artar (raudlisteartar) og fåtalige artar med spesielle habitatkrav.</p> <p>Det er vanleg å dele kartverket i fire tema: (1) hjortevilt, (2) småvilt, (3) opplysningar unnateke offentlegheit og (4) prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste i overordna plansamanheng. I denne rapporten blir hjorteviltkartet og kartet over prioriterte viltområde presentert.</p> <p>Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneheld generelt stoff om viltforvalting, litt om korleis kartlegginga i Masfjorden har blitt gjennomført, ein omtale av dei prioriterte viltområda og ei oversikt over alle viltartar som er registrerte i kommunen.</p> <p>Fire område i Masfjorden er avmerka som svært viktige viltområde og 19 som viktige. Det er registrert 162 viltartar i kommunen: 2 amfibium, 1 krypdyr, 139 fugleartar og 20 pattedyrartar.</p> <p>Masfjorden er ein arealmessig stor kommune, som er krevande å kartlegge. Ei viltkartlegging av i dag vil såleis ikkje vere fullstendig. Dertil kan situasjonen for viltet raskt endre seg, både naturleg og som ein følgje av tekniske inngrep og endra arealbruk. Difor er det naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom, både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet.</p>	
<p>Referanse: Byrkjeland, S. & Overvoll, O. 2004. Viltet i Masfjorden. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. - Masfjorden kommune og Fylkesmannen i Hordaland. <i>MVA-rapport 10/2003</i>: 44 s. + vedlegg.</p>	
<p>Emneord: Masfjorden kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, fuglar, pattedyr</p>	
<p>Masfjorden kommune 5981 Masfjordnes Tlf: 56 16 62 00, Fax: 56 16 62 01 www.masfjorden.kommune.no</p>	<p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland</p>

FORORD

Dei siste åra har samtlege kommunar i Noreg teke til med å kartleggje sitt biologiske mangfald meir i detalj. Som ein del av dette arbeidet er viktige område for viltet no kartlagt i Masfjorden.

Masfjorden har teke del i eit samarbeid med Austrheim og Fedje kommunar om viltkartlegginga, og Stein Byrkjeland har gjort arbeidet i desse kommunane. Det har vore etablert ei interkommunal styringsgruppe som har gjeve innspel og hjelp undervegs i arbeidet. Eit større møte vart halde i Austrheim i august 2002. På dette møtet deltok også Bjørn Moe, som har kartlagt naturtypene i dei same kommunane. Det har vore eit løpande samarbeid med Bjørn Moe under prosjektet, og vi har vore saman om noko av feltarbeidet.

Arbeidet byggjer på feltregistreringar i 2001 og 2002, samt tidlegare registreringar m.a. i samband med kartleggjing av sjøfuglførekomstar på kysten av Hordaland til ulike årstider. Det er særleg skog- og fjellevande artar som er viktig i ei stor utmarkskommune som Masfjorden, og kommunen utmerkar seg med eit høgt tal hekkande raudlista fugleartar. Ein del av desse artane er svært tid- og ressurskrevande å kartlegge, og det vil vere sterkt ynskjeleg med framtidige suppleringar for desse artane. Masfjorden utmerkar seg også med ein særleg god bestand av hjort og oter pr. 2004, og faktisk heile 20 registrerte pattedyrartar. Lista over registrerte fugleartar er kortare enn i mange andre kommunar i Hordaland, men dette har i stor grad samanheng med at lite forskning og ringmerking av fuglar har funne stad her opp gjennom åra, og Masfjorden ligg noko utanfor dei mest attraktive og lettast tilgjengelege områda som amatørornitologar frå andre delar av fylket gjerne vitjar.

Det har desverre teke meir tid enn ein opphavleg tenkte å samanfatte denne rapporten, men det er å håpe at innhaldet vil verte brukt i framtidig kommunalt planarbeid og sakshandsaming, og at ein med tida kan oppdatere kunnskapsgrunnlaget når dette er å sjå på som påkravd. Aller helst bør dette gjerast løpande, all den tid at førekomstane av mange artar heile tida er i endring, for somme av artane er endringane store over kort tid.

Februar 2004

Stein Byrkjeland

Olav Overvoll

INNHALD

FORORD	5
INNHALD	7
1. INNLEIING	9
BAKGRUNN	9
LOVGRUNNLAG	9
INTERNASJONALE KONVENSJONAR	10
ANDRE SENTRALE DOKUMENT	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR	10
2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET	12
PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING	12
KVA SKAL KARTLEGGAST?	12
UTFORMING AV VILTKARTVERKET	13
KORLEIS BRUKE VILTKARTA?	13
VILTRAPPORTEN	14
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET	14
OPPDATERING OG REVISJON AV KARTA	14
3. METODIKK FOR ARBEIDET I MASFJORDEN	15
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET	15
INNSAMLING AV INFORMASJON	15
KARTFRAMSTILLING	15
4. NATURGRUNNLAGET	16
GEOGRAFI OG AREALBRUK	16
LANDSKAP OG GEOLOGI	16
KLIMA	16
VEGETASJON	16
5. SKILDING AV VILTMRÅDE I MASFJORDEN	17
SVÆRT VIKTIGE VILTMRÅDE	18
VIKTIGE VILTMRÅDE	18
6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I MASFJORDEN	22
VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET	22
RAUDLISTER	22
7. STATUS FOR VILTET I MASFJORDEN	25
AMFIBIUM	25
KRYPPDYR	25
FUGLAR	25
PATTEDYR	36
8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?	40
9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET	41
SKOGBRUK	41
FRILUFTSLIV OG FERDSEL	41
JAKT	42
FAUNAKRIMINALITET	42
BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI	42
VEGAR	42
VASSDRAGSREGULERING	42
KRAFTLEIDNINGAR	43
AVFALL	43
OPPDRETTSANLEGG	43
10. INFORMANTAR	44
11. LITTERATUR	44
VEDLEGG I. ARTSLISTE	45
VEDLEGG II. KART	49

1. INNLEIING



I Masfjorden finst 3 område som er verna i medhald av naturvernlova. Dei er alle hekkekoloniar for sjøfugl, som vart oppretta ved kgl. res. i 1987. Det viktigaste området er Raunøy og naboøyane kring denne. Ikkje heile Raunøy inngår i naturreservatet, men heile øya er utheva som eit prioritert viltområde i denne rapporten.

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Bygging av bustadfelt, industriområde og andre naturinngrep utgjør eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ønskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltninga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg på regionalt- og nasjonalt nivå. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er òg eit ønskje at viltkartverket skal bidra til å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einseitig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltom-

grepet, jamfør viltlova § 2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltningsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er vinterbeite og viktige trekkveggar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spelplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skogslier med gammal skog, eldre ospeholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av trua- og sårbare artar står sjølvstøtt og sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at naturen

sin produktivitet og artsmangfold blir bevart. §7 fastset at *omsynet til viltinteressene skal innpassast i den oversiktle planlegginga i kommune og fylke*. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn. Viltlova fastset òg at *vedkommande myndigheit på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med villtorgana*.

- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast. Det er òg rom innanfor PBL å regulere visse område til naturvernområde.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltings-samanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde.
- *Friluftslova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal foregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

INTERNASJONALE KONVENSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfoldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og

sårbarare viltartar.

- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbarare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfold som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfold. Riokonvensjonen er den internasjonale avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfold. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfold.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse måla.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro.
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken.
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt".
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning.

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både nasjonale lovverk og internasjonale avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at me sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske- og materielle argument: Menneska har til alle tider vore avhengig av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyre-

artar er like viktige økonomisk og materielt idag, kan andre artar enn dei vi no utnyttar få stor verdi for oss i framtida.

Også eit *genetisk mangfald* er viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er avla fram frå eit fåtal ville artar og relativt få individ. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskte eigenskapar følgjer dei ønskete eigenskapane. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere naudsynt som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.

Kulturelle- og estetiske argument: Storviltjakta kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er

neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange, er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske- og moralske argument: Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar, dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den samme retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

Faunaen er stadig i endring. For eit par tiår sidan var ein svært ottefull for framtida til grågåsa i Sør-Noreg. Mot slutten av 1980-talet tok tilbakegangen slutt, og snudde til framgang. I dag er grågåsa jamt utbreidd i den ytre kystsona i Hordaland, og framgangen har vore påtakeleg også i Masfjorden. Den samla hekkebestanden i kommunen er kanskje ikkje så stor, men arten finst både på dei ytre øyane og i nokre av ferskvatna i kommunen. Foto: Ingvar Grastveit.



2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET



Bestanden av terner i skjergarden har på det næraste brote saman mange stader i Hordaland dei siste tiåra. Kartlegging av ternekoloniar er såleis viktige når ein utfører generell viltkartlegging, men det er eit problem at dei gjerne er lite stabile over tid. Slike koloniar er viktige å ta omsyn til, men ettersom ternar ofte brått kan skifte hekkeplass frå eitt år til det neste viser dette også at det er viktig å halde viltkarta i kommunen oppdaterte. Biletet viser ei raudnebbterne, som det i dag neppe hekkar mange av i Masfjorden. Her er makrellterna vanlegare, men også den arten har gått sterkt tilbake.

Foto: Ingvar Grastveit

PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/yngleplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpasningsdyktige og kan finnast i ei rekkje ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønschauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km². Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km². Einslege hanngauper kan ha leveområde på opptil 1500 km².

Det som først og fremst bestemmer storleiken på leveområdet er næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor

gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Særleg viktige vinterbeite og særleg viktige trekkvegar for hjort og evt. elg og rådyr. Vinterbeite er berre interessant i kommunar i indre delar av fylket, der snørike vintrar kan skape problem for hjorteviltet.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkvegar).
- Viktige funksjonsområde for "sjøfugl" (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rasting eller overvintring).
- Viktige funksjonsområde for "våtmarksfugl" (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintringsområde).
- Viktige funksjonsområde for spettar ("spettelier"). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på død ved.
- Spelplassar for storfugl.
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spelplassar. Det er atskillig verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige

artar med spesielle biotopkrav. Slike artar knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsett for fragmentering. Blandt dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønsehauk, storfugl og kvitryggspett.

Andre område som er stabile over fleire år og lette å kartfeste blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltingsmessig interesse.

UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverkty og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Å samle alle viltopplysningane på *eit* kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneheld for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkveggar. Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde).

3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningar er unnateke offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfugleartar og spelplassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

4) *Prioriterte viltområde*. Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområde.

Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uønskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og forstyrningar i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå og blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda, jf. Viltlova, pliktar å ta normale omsyn til viltet!

Mange mindre område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan òg reknast som viktige viltbiotopar. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreingskorridorar.

KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvaltning. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommunepolarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd. I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggende artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemd som t.d. skogsdrift. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplerande undersøkingar.



I viltsamanheng er det sjøfuglane som er det viktigaste elementet i mange av kystkommunane i Hordaland. Den mest talrike sjøfuglarten i fylket for tida er ærfuglen. Bestanden av ærfugl har vakse til dels sterkt på delar av Vestlandet sidan tidleg på 1990-talet. Framgangen synest ikkje å ha vore så sterk i Masfjorden som elles, men også her er ærfuglen ein vanleg viltart i kystsona. Foto: Ingvar Grastveit.

VILTRAPPORTEN

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

Viltrapporten bør gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte einskildpersonar.

BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvern- og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som no er tilgjengeleg over internet (www.dirnat.no/nbinnsyn).

OPPDATERING OG REVISJON AV KARTA

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringer i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringer eller endringar som følge av tekniske inngrep. Det blir tilrådd ein årleg gjennomgang av viltopplysningane i samråd med Fylkesmannen, for påføring av nye opplysningar og korrektur. Det blir òg tilrådd ein hovudrevisjon kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen.

Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og det er viktig å vere klar over at resultatet ikkje er fullstendig. Ved kartfestinga er det gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil bli betre med tida.

Både kommunen og Fylkesmannen si miljøvern- og avdeling tek gjerne imot ny informasjon og forslag til endringar.



I Masfjorden utmerkar Raunøyområdet seg med ein vesentleg hekkekoloni av gråmåse (biletet) og i endå større grad sildemåse. Foto: Ingvar Grastveit.

3. METODIKK FOR ARBEIDET I MASFJORDEN

STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Viltområdekartlegginga i Masfjorden har vore utført parallelt med tilsvarende kartlegging i Nordhordlandskommunane Austrheim og Fedje. Såleis har prosjektet hatt ei interkommunal styringsgruppe frå desse tre kommunane, som har vore leia av Solveig Hopen.

Registrering og datainnsamling har vore utført i samarbeid med Bjørn Moe, som har stått bak tilsvarende kartlegging av naturtypar i det same tidsrommet (sjå Moe 2003).

INNSAMLING AV INFORMASJON

Følgjande informasjonskjelder er nytta ved innhenting av informasjon om viltet i Masfjorden:

- Områdeopplysningar frå Naturbasen ved fylkesmannen si miljøvernavdeling
- Intervju med lokale personar med kunnskap og interesse for viltet i kommunen
- "Feldtugnad" ved 11 medlemmer av Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland 20.-21.4.2002, i samband med at foreninga avvikla årsmøtet sitt i Masfjorden dette året. Ved dette høvet vart det særleg fokusert på å undersøke potensielle hekkestader for spettar.
- Tidlegare viltkart
- Litteratur

- Eigne feltregistreringar

Artslista er utarbeidd på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Ein del opplysningar er funne ved gjennomgang av *Krompen*, Norsk Ornitologisk Forening sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

KARTFRAMSTILLING

Vurdering av grenser og verdisetting av viltområda er gjort i samarbeid mellom viltkartleggar og fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Manuskarta er digitaliserte av Fylkesmannen i Hordaland etter manuskart i målestokk 1:50 000 utarbeidd av viltkartleggar.

Den generelle metoden for kartframstilling er skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overlayanalyse. Denne metoden er ikkje nytta i Masfjorden. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.



Bestanden av overvintrande songsvaner har bygd seg opp i Hordaland sidan tidleg på 1980-talet. Dette har og vore merkbar i Masfjorden. Songsvaner er i dag ikkje noko uvanleg syn ved ferskvatna rundt om i kommunen, men dei nedre vatna i Frøysetvassdraget er nok den staden der førekomsten er mest regelbunden. Foto: Ingvar Grastveit.

4. NATURGRUNNLAGET

GEOGRAFI OG AREALBRUK

Masfjorden kommune ligg heilt nord og relativt langt ute i Hordaland, og grensar mot Fensfjorden i sørvest og til dels høge og skrinne fjellområde i nord og aust (sjå kart på framsida og Vedlegg II). Det meste av kommunen er landfast. Såleis har kommunen eit relativt høgt tal registrerte artar av landpattedyr samanlikna med mange andre kommunar i Nordhordland, sjølv om desse i utgangspunktet gjerne måtte krysse høge fjellområde for å kome seg hit. Høgt og skrint fjell er eit av dei mest framtrudande karaktertrekka ved Masfjorden.

Målt i areal er Masfjorden ein av dei større kommunane i Hordaland, med eit totalareal på 558,2 km². Av dette er berre 7,4 km² jordbruksareal i drift, medan det produktive skogarealet strekkjer seg over 90,0 km². I høve til skogmengd ligg såleis Masfjorden i det øvre sjiktet mellom Hordalandskommunane. Totalt sett er det mykje ferskvatn i Masfjorden, men storparten av ferskvatna ligg høgt til fjells og er sjeldan særleg produktive i biologisk meining. Delar av kommunen ligg til sjø, men strandsona er ofte steil. Marine gruntvassområde finst, men ikkje i så stor utstrekning og avgrensar seg helst til området mellom nokre av øyane ut mot Fensfjorden i sørvest.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Masfjorden er på mange måtar eit urtdsrike. Fjellgrunnen er mellom ein og to milliardar år gammal, utan innslag av yngre bergartar.

Store delar av Masfjorden er eit sundskore fjellplatå. Platået skrånar frå nesten 1000 m høgd i aust til 300-500 m i områda ovanfor Masfjordnes. Dei opphavlege fjellviddene er delte opp av Masfjorden og store og små dalar. Mange av dei mindre dalane endar brått i botnar eller "daldar" inn mot fjellet. Dei største dalane har fleire trinn opp mot fjellet, slik som Haugsdalen, eller eitt stort trinn, som til dømes ved Fossen i Matredalen, på vegen mot Stordalen.

Fjellgrunnen er dominert av sure og kvartsrike gneisar. Dette er hard og næringsfattig berggrunn, som i høg grad medverkar til å setje preg på landskapet. Det meste av lausmassane som finst i kommunen er konsentrert til nokre få sta-

der: Ved Andvik ligg store moreneavsetjingar oppetter dalsidene. Også i Matre og ved Masfjordnes har isbreane i tidlegare tider lagt att mykje grus og sand. Dei harde og sure bergartane og dei sparsame lausmassane gjev magre kår for jordbruket.

KLIMA

Klimaet i Masfjorden er oseanisk. Fjellheimen har eit stort regnfang, og byr på gode vilkår for kraftutbygging. Masfjorden er ein av Hordalands største kraftprodusentar. Nedbørsstasjonen på Haukeland har jamvel noregsrekord i nedbørmengd, med 1320 mm målt nedbør over ein 30-dagars periode i 1989. Dette er meir enn gjennomsnittleg nedbør for eit heilt år på Fedje. Dei høge fjella tvingar luftstraumane frå vest opp frå fjellbotnane. Dermed vert lufta så mykje avkjølt at den ikkje lenger kan halde på fukta.

VEGETASJON

Vegetasjonsgeografisk høyrer dei ytre delane av Masfjorden til den såkalla boreonemorale vegetasjonssona (Moen 1998). Innover i terrenget går dette gradvis over til den sørboreale sona og vidare opp mot alpine område. Med dei sure bergartane og det skrinne jordsmonnet er ikkje plantelivet spesielt variert i kommunen. Med all nedbøren er det likevel noko vegetasjon som trivst særst godt; mosane. På nordvendte berg og i kløfter veks praktvebladmose saman med mange andre moseartar og den vesle hinnebregna. Ein annan plante som set pris på det fuktige og næringsfattige jordsmonnet i Masfjorden er blåtopp. Denne arten kan vekse i enorme mengder her. Pors er det også mykje av, gjerne saman med andre myrplantar, som klokkelyng og rome.

Kommunen har ein god del produktiv skog, mest furu og bjørk, men stadvis finst viktige innslag med edellauvskog. Mykje av Masfjordskogen er relativt gamal, og ofte står skogen så vanskeleg til at moderne hogstmaskiner ikkje så lett har kome til. Såleis har skogen i dag gode føresetnader til å fylla viktige funksjonar for viltet, etter som skog av tilstrekkeleg urørt karakter oftast er viktige leveområde for viltartar som i dag er sjeldne eller uvanlege.

5. SKILDRING AV VILTOMRÅDA I MASFJORDEN

Masfjorden er ein stor kommune målt i aral og har mykje storslagen natur, men ettersom berggrunnen i hovudsak inneheld harde og sure bergartar, har det lenge rådd ei utbreidd oppfatning mellom zoologar at dyrelivet ikkje er særskilt rikt. Denne oppfatninga er ikkje udelt rett. Manglande påvising av mange viltartar i denne delen av Hordaland skuldast ikkje berre naturgeografiske tilhøve, ofte er det heller eit resultat av manglande undersøkingar ettersom kommunen ligg litt perifert i høve til forskingsmiljø og der fleirtalet av den faunistiske kompetansen i regionen ferdast.

Den totale artslista over påviste viltartar i Masfjorden er ikkje av dei lengste i Hordaland, men er likevel ganske fyldig. Med meir målretta registrering av fuglar til ulike årstider, t.d. ved ringmerking, ville lista utan tvil bli lenger. Masfjorden har likevel mange interessante faunaelement som må påaktast gjennom framtidig arealforvaltning.

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 23 prioriterte viltområde i Masfjorden: 4 særleg viktig- og 19 viktige viltområde. I det følgjande blir kvart einskild viltområde gitt ein kort omtale. Nummert på det einskilde viltområdet refererer til områdenummeret på viltkartet (Kart 3).

Kartlegging av viltområde i ein kommune som Masfjorden er krevande, og kunnskapen om fleire av viltområda i kommunen kunne gjerne vore betre enn den er pr. i dag. Dertil kan føresetnadane for viltet endre seg raskt, slik at det vil vere naudsynt med kontinuerlege viltregistreringar for å følgje utviklinga og halde viltkartverket best mogleg oppdatert. Dette bør ha høg prioritet i Masfjorden i åra som kjem, slik at kommunen har eit best mogleg og tidsmessig grunnlag for å forvalte viltet på forsvarleg vis.

Masfjorden er ein viktig hjortekommune, og også mange andre landpattedyr har godt fotfeste i kommunen. Saman med Austrheim var Masfjorden den første kommunen i Hordaland der oteren reetablerte seg på 1990-talet, etter å ha vore fråverande i ei årrekke. Masfjorden har i dag truleg fylkets sterkaste bestand av arten, og kan ha fungert som eit spreingscenter for kommunane som ligg lenger sør.

Eit viktig preg ved Masfjorden er sterk førekomst av raudlista viltartar, særleg fuglar. At fleire sjeldne rovfuglar er påvist hekkande, skuldast nok i stor grad at ein engasjert og rovdyrkyndig person er busett i kommunen. Men Masfjorden



Herøy naturreservat vart oppretta i 1987 ettersom staden tidleg på 1980-talet var ein særskild viktig hekkestad for fiskemåse. Før vernet vart ein realitet flytta imidlertid kolonien til ein del av Raunøy. Herøy er såleis ikkje utheva som eit prioritert viltområde i denne rapporten.

har også ein av Hordaland sine største hekkebestandar av smålom, og skogen sin karakter gjer at fleire spetteartar — som elles er sjeldne eller fåtalige — her har ganske gode bestandar. Også storfuglen har ein ganske stor bestand i Masfjorden. Bestandane av lirype og fjellrype er ganske gode, men desse artane vert ikkje kartlagt i detalj gjennom dette prosjektet.

I Masfjorden ligg tre sjøfuglreservat som vart oppretta i 1987, fordi dei var viktige hekkekoloniar for sjøfugl den gongen. Generelt har vi sett ei utvikling med sterk nedgang i fleire av sjøfuglbestandane på Vestlandet dei siste tiåra, og ein av konsekvensane har vore at mange av sjøfuglreservata har mist sin funksjon — i alle fall mellombels — som hekkekoloni for sjøfugl. Også i Masfjorden har vi sett utslag av dette, men ikkje i like sterk grad som mange andre stader på kysten. Likevel er ternebestanden i Masfjorden langt mindre enn før, og måsekoloniane i Raunøyområdet er ein del reduserte. Fiskemåsane som tidlegare hekka talrikt på Herøy i slik grad at staden vart verna som naturreservat, har slutta å hekke her. Difor vert ikkje Herøy rekna som eit viktig viltområde i dag. Også fiskemåsekolonien ved Solheim er det i dag lite eller ingenting att av.

Eit svært interessant trekk ved dyrelivet i Masfjordfjella er at vi finn fleire faunaelement som vi elles må heilt til Hardangervidda for å finne. Dette fjellområdet utgjer ein ekstremt vestleg utpost for spesielle fugleartar som svartand og fjøreplytt. Knytt til same fjellområdet er også blåstrupe og heilo, men desse artane kan ein også finne i andre fjellområde vest for Hardangervidda.

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 1. Raunøyområdet

Eit av dei viktigaste og mest idylliske sjøfugl-reservata i Hordaland. Her fanst ein sildemåsekoloni på 75 par i 1980 (den er litt mindre i dag), samt ein minst like stor gråmåsekoloni. Tidleg på 1990-talet bygde det seg opp ein større fiskemåsekoloni (ca. 150 par i 1993) vest på Raunøy utanfor reservatet (men innanfor området som er utheva på viltkartet i denne rapporten). Truleg var det kolonien på Herøy som flytta hit. Ein større koloni av raudnebbterne (80 par i 1980) og makrellterne (25 par i 1980) er det lite att av i dag. Det synest som om eitt par teist hekkar her dei fleste åra, og periodevise registreringar av steinvendar her kan og tyde på at denne arten hekkar. Grågåsa har teke seg godt opp her dei seinare åra: Det hekka 8-10 par i 1998, og bestanden kan vere større enn det no. Området er også eit godt overvintringsområde for nokre sjøfuglartar, primært siland og kvinand, samt noko storskarv.

I naturreservatet (som berre omfattar delar av Raunøy samt holmane aust for denne) er det ferdslforbod i hekketida, men heile viltområdet bør forvaltast etter same retningslinjer som naturreservatet i dag.



Parti frå Raunøy naturreservat. Området er eitt av fire svært viktige viltområde i Masfjorden kommune.

Område 2. Eikemo

Blandingsskog av furu og ei rekke lauvtreslag som eik, bjørk, rogn og osp. Delar av skogen er storvaksen og står på god bonitet, sjølv om dei fleste trea ikkje er spesielt gamle. Området er framheva som ein svært viktig naturtype av Moe (2003). Fleire raudlista fugleartar er påvist i dette skogområdet: Hønehauk, dvergspett og kvitryggspett og gråspett. Grønspett og flaggspett er òg registrert. Det er sjeldan ein finn eit så avgrensa skogområde på Vestlandet med så mange ulike spetteartar representert tett innpå kvarandre.

Område 3. Skjerjevatn

Eit svært interessant våtmarks- og fjellområde ovanfor tregrensa, i vel 700 meters høgd. Her finn vi den einaste hekkeførekomsten av svartand i Hordaland utanfor Hardangervidda, og sjølv om det tilsynelatande berre hekkar eitt einaste par her, har førekomsten vore intakt i ei årrekke (A. Gullvåg, O. Osaland). Sjølve reiret av svartanda er aldri påvist, men ein må rekne med at vierkjerret inntil elva og vatnet her er det aktuelle reirområdet. Her finn ein og ein liten bestand av blåstrupe. Fleire par fjøreplytt hekkar i nærområda til Skjerjevatnet, mot Nordvatn. Skjerjevatnet er og tilhaldsstad for eit smålompar (A. Gullvåg).

Dette særreigne fjellområdet bør overvakast og forvaltast med stor varsemd. Om ein skulle tillate garnfiske i Skjerjevatnet, vil svartanda svært lett kunne bli ramma. Ei ferskvassøkologisk granskning av innsjøen ville òg vere å ynskje, for å klarlegge kva som skiljer nettopp Skjerjevatnet frå alle dei andre fjellvatna i regionen.

Område 4. Duesundfjellet

Kystfuruskog med fleire viktige kvalitetar for viltet, særleg gjeld dette fleire raudlisteartar. Her finst ein mykje fokusert hekkestad for havørn, som har greid seg bra til tross for at ei mobiltelefonmast vart ført opp ikkje langt unna midt i hekketida. Området er også eit kjerneområde for storfugl, og kvitryggspett (og kanskje også andre spetteartar) finst her.

VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 5. Geitarøyna-Håøyna-Haugøyna

Eitt av dei aller beste overvintringsområda for sjøfugl i Masfjorden, av særleg verdi for siland og kvinand. Det vart registrert 69 silender og 57 kvinender her den 23.2.1999 (S. Byrkjeland), forutan m.a. 2 gråstrupedukkarar. Området kan godt vere fast overvintringsstad for ein mindre bestand av sistnemnde. Stundom er mindre flokkar med havelle innom. I kalde periodar kan delar av dette sjøområdet vere dekkja av is.

Område 6. Pittholmane

Overvintringsområde for sjøfugl, der siland og kvinand er artane som dominerer talmessig. Sørsida av Pittholmane synest å vere det viktigaste einskildområdet i Masfjorden for desse artane vinterstid.

Område 7. Raunholmane

Ytre Raunholmen er hekkestad for eit teistpar (M. Sleire). Området er også overvintringsstad for siland og kvinand, og holmane er også ofte nytta som kvileskjer for storskarv (t.d. 17 ind. 23.2.1999).

Område 8. Dyrøysundskjeret

Naturreservat som vart verna ved lov i 1987, på bakgrunn av ein hekkeførekost på 35 par makrellterne i 1980. Hekkeresultatet her har vore særst variabelt sidan den tid, med hekkeforsøk i alle fall i 1992, 1993 (ca. 30 par), 1995 (45 par) og 1998 (ca. 25 par). Kva som er status etter 1998 er uvisst, men generelt gjekk makrellternebestanden i Hordaland kraftig ned på slutten av 1990-talet. Eit skjelanlegg som har vore for-tøyd til holmen i ein del år er neppe lovleg, men synest heller ikkje å ha hatt særleg innverknad på hekkinga.

Det er ferdselsforbod på Dyrøysundskjeret i hekketida.



Dyrøysundskjeret naturreservat, fotografert sommaren 1994. Området er ein hekkekoloni for makrellterne, som vart verna i 1987. Ternene hekkar ikkje her kvart år, men kolonien synest å ha vore meir stabil enn dei fleste andre ternekoloniane i Hordaland dei seinare åra.

Område 9. Haugsdal (vestre)

Blandingsskogområde med sterkt innslag av spettar: Under ei kort synfaring 20.4.2002 vart her registrert eitt par kvitryggspett, eitt par gråspett samt ein hofugl av grønspekk (I. Måge, R. Voie). Arealavgrensinga av dette viltområdet er ganske uvisst, og bør vurderast ved eit framtidig høve.

Område 10. Sleirsvatnet

Denne delen av det varig verna Frøysetvassdraget er den rikaste våtmarksbiotopen i Mas-

fjorden, i alle fall når det gjeld vilt. Hekkestad for relativt trivielle artar som stokkand, krikkand, raudstilk og etter kvart også nokre par grågås, men lokaliteten er regionalt vel så viktig vinterstid. Då er staden ein veileigna overvintringsstad for songsvaner, og periodevis også småflokkar med laksand. Dette er fuglar som ambulerer mellom Sleirsvatnet og andre vatn i Frøysetvassdraget og elles i regionen, avhengig av m.a. istilhøva.

Området er òg utheva som ein viktig naturtype av Moe (2003).

Område 11. Søndre delar av Holsnøyna

Eit område med samanhengande, men ofte skrinn, kystfuruskog med innslag av fleire mindre skogstjorn. Tjørna er ikkje spesielt rike med omsyn til vilt, dei er hekkestad for m.a. nokre få par krikkand, enkeltbekkasin og strandsnipe — ganske typisk for denne naturtypen i landsdelen. Kombinasjonen med den omliggande furuskogen gjer området noko meir interessant. Her finn ein stadvis mange spor etter orrfugl. Det er også eit kjerneområde for storfugl. Hønsehauk er registrert her, og nøtteskrike er vanleg å sjå. Raudlisteartar som gråspett og dvergspett er og registrert, men det er uvisst kor viktig lokaliteten er som eit viktig leveområde for desse artane.

Fleire av tjørna i dette området er litt oppdemde frå gammalt av. I samband med tankar om å restaurere ei slik stemme ved Spikartjørn tidleg på 1990-talet vart området kartlagt for viltførekostar til ei viss grad (S. Byrkjeland). Tanken var å legge til rette for meir vassfugl ved å skape ei større vassflate i Spikartjørn. Rapporten konkluderte med at viktige viltførekostar ikkje ville gå tapt ved ei slik mindre oppdemming, men og at tiltaket neppe ville resultere i vesentleg betre kår for viltet dersom det vart gjennomført. Planane er så langt ikkje sett i verk.

Område 12. Andvikedalen

Austsida av Andvikevatnet er vendt mot sørvest og har eit gunstig lokalklima og tilhøyrande lang vekstsesong. Her finst ein av dei aller største edellauvskogane i kommunen, med ei rekke ulike treslag. Liene er rike på lausmassar som formar jamne skråningar mot dei stupbratte fjell-sidene. Delar av desse skogområda er framheva som ein særst viktig naturtype av Moe (2003). Denne lia er viktig for hjorten, og skal også vere eit godt og stabilt leveområde for spettar (M. Sleire). I samband med utarbeidinga av denne viltrapporten er lia berre synfart på avstand, men sjølv om dokumentasjonen ikkje er så god som ynskjeleg er det ingen tvil om at lia har potensiale for viltførekostar som gjer det rett å markere arealet ut som eit viktig viltområde, i alle fall i lokal samanheng. Det er uvisst kva spetteartar som finst her, men mest truleg er kvitrygg-

spetten representert. Ikkje usannsynleg kan også gråspett og dvergspett finnast her, men ei meir målretta undersøking av lia vil vere å ønskje på sikt.

Område 13. Kattlandet

Område med blandingskog, med sterk dominans av ulike lauvtreslag. Lia er mange stader svært bratt, og skogen har mange stader preg av å vere utsett for steinsprang og mindre snøskred. Dermed er det stadvis god tilgang på daud ved og døyande tre, og potensialet for spettar er såleis godt. Dvergspett vart sett her under synfaring 12.7.2001 (S. Byrkjeland), og mest truleg er dette også eit stabilt leveområde for kvitryggspett. Skogen har mange stader tydelege spor etter spetteaktivitet, og førekomsten av spetteis og andre holhekkande sporvefuglar er også god. Avgrensinga av viltområdet er noko vilkårleg, som ein følgje av mangel på eksakt kunnskap.

Område 14. Mollandslia

Frodig lauvskogslia med rikt fugleliv og særleg god førekomst av meiser og andre holhekkande fugleslag. Godt potensiale for spettar, men mangelfullt dokumentert. Det kan nok reisast tvil om denne lokaliteten kvalifiserer til å bli framheva som eit viktig viltområde utifrå dagens kunnskapsgrunnlag, men det bør i alle fall ikkje skje omfattande skogbruk eller tekniske inngrep i dette området utan at ein har vurdert verknadene på viltet i forkant.

Område 15. Merkesholten

Skogområde med mykje osp og storvokst furu, og ein god del hakkemerke frå spettar på gadd, forutan fleire uthakka reirhol. Heilt klart eit mykje nytta område for spettar — mest truleg kvitryggspett, men kanskje også gråspett.



Mange av dei prioriterte viltområda i Masfjorden er også viktige beiteområde for hjort. Foto: Ingvar Grastveit.

Område 16. Skogsli N for Tenndalsvatnet

Edellauvskog der alm og lind førekjem saman med hassel, men botanisk er skogen lite utvikla på grunn av mangel på næringsrikt materiale i jordsmonnet. Likevel er denne skogen utheva som lokalt viktig naturtype av Moe (2003). Ved synfaring den 20.4. 2002 vart det påvist 2 kvitryggspettar her (O. Osaland), og skogen har nok potensiale for andre interessante viltartar også.

Område 17. Brunane - Gjelefjellet

Eit større skogområde med fleire fine lier, tendens til storvaksen furuskog og ein del eik og hassel. Trommande kvitryggspett vart høyrte ved Kjerdal under synfaring 20.4.2002 (O. Overvoll), og ein del hakkemerke etter same art, i tillegg til gamle reirhol, vart registrert andre stader i dette noko store viltområdet. Det finst storfugl i området, men denne er nok påverka av tidlegare hogst her. Hønsehauk hekkar i området. Skogen her er også eit viktig hjorteområde.

Det står ein del fin skog i ei SV-helling ved Hostelandskjerstigen. Denne er ikkje sjekka ut i samband med viltkartlegginga, men dette bør avgjort gjerast i framtida.

Område 18. Orrhaugane (Lauvik)

Lysopen kystfuruskog, ofte rettstamma og stadvis sterkt prega av beiting. Det er ein del grovaksen furu i området, til dels med stammehøgde på opp til 20 m. Trea sin alder aukar med høgdelaget, og mange av trea er godt over 200 år gamle, dei eldste truleg mellom 250 og 300 år. Området er markert som viktig naturtype av Moe (2003).

Trommande kvitryggspett vart høyrte her under synfaring 21.4.2002 (S. Byrkjeland). Ei meir detaljert kartlegging ville nok resultert i fleire påviste spettar, for det er mange sporteikn i området. Den gamle skogen gjer at føresetnadene for spettar og andre krevande viltartar som er knytte til furuskog burde vere til stades, og ifølgje M. Sleire (pers. medd.) er dette rekna som eitt av dei aller beste spetteområda i Masfjorden.

Område 19. Fossheim

Tilsynelatande ein del av eit stabilt leveområde for spettar. Hekking av gråspett (reirhol) vart påvist av R. Voie under synfaring 21.4.2002, og arten vart også påvist i området i 1994 (S. Byrkjeland). I same området vart det funne ferske fliser etter haking av kvitryggspett den 21.4.2002 (R. Voie). Avgrensinga av dette viltområdet er i høg grad vilkårleg. Spettane har nok utan tvil eit vesentleg større leveområde enn det arealet som er avmerka som viktig viltområde, men mest truleg er kjerneområdet inkludert.

Område 20. Trodal

Nok eit stabilt spetteområde som er vanskeleg å avgrense utfrå den kunnskap som ligg føre, men kvitryggspett vert sett her jamnleg (A. Gullvåg, T. Svendsen), stundom også gråspett (A. Gullvåg). Dvergspetten er den sjeldnaste spettearten her, men er sett og høyrte trommande her to år etter kvarandre (A. Gullvåg). Både dvergspett og kvitryggspett vart sett her under Norsk Ornitologisk Forening sin feltdugnad 21.04.2002 (R. Voie).

Område 21. Haugsdalen

Rik edellauvskog inst i ein botn på austsida av Haugsdalen, dominert av grovvaksen lind. Nærområda er meir gråor- og bjørkedominert lauvskog. Generelt er lauvskogslieane på austsida av Haugsdalen interessante viltbiotopar, der det markerte viltområdet utgjer ein slags kjerne av dette. Kvitryggspett er registrert i dette området (sjå Moe 2003), og det finst nok fleire par av arten på austsida av dette dalføret. Området er klassifisert som viktig naturtype av Moe (2003).

Område 22. Haugsdalsdeltaet

Dette er ei av få attverande intakte marine elveøyre i Hordaland, og klassifisert som ein svært viktig naturtype av Moe (2003). Området omfattar sjølve elvedeltaet pluss delar av pollen like utanfor. Eit veleigna hekkeområde for våtmarksfugl som raudstilk, vipe og tjeld. Det finst ein mindre hekkekoloni av fiskemåse her, forutan at flokkar av arten (inntil 50-100 ind.) gjerne driv næringssøk i området. 2-3 par siland hekkar i deltaet. Strandsona er mykje nytta av gråhegre for næringssøk, men arten hekkar ikkje her.

Område 23. Matresdalen

Rasmark med rik edellauvskog, der særleg lind dannar samanhengande skog på den store raskjegla i sørvest. Lindetrea er ikkje særskilt gamle. Her finst og ein del alm, som ofte er styva, og desse trea er gjennomgåande eldre. Området er markert som svært viktig naturtype av Moe (2003). Få detaljar er kjent om viltførekomsstar frå dette området, men det kjem mest av alt av mangel på kartlegging. Tore Svendsen (pers. medd.) rapporterer imidlertid om fleire observasjonar av kvitryggspett i området.

6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I MASFJORDEN

VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET

Mange plante- og dyrearter er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige trugsmål mot biologisk mangfald:

Handel med ville dyr er den tredje største illegale marknaden på verdsbasis og særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekkje knytt til rovfuglar og då særleg vår største falk; jaktfalken.

Intensiv jakt eller forfølgning har ført til at enkelte dyrearter har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjør eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfortynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

Innføring av framande artar. På mange av Stillehavsoyane står mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer (Minken er opprinneleg ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr).



Vandrefalk som vert mobba av kråke. Vandrefalken var nær utrydding på 1970-talet, men bestanden er no i framgang. Foto: Ingvar Grastveit.

Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde. Det hjelper lite å verne artar dersom ein ikkje samtidig vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følgje av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast etterkvart som kunnskapen om artane aukar. Bestandssituasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonale raudliste for truede artar i Norge 1998* (DN 1999). Det er òg utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truede og sårbare viltarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under Tabell 1.

Tabell 1. Raudlista viltartar i Masfjorden.

Status i Noreg	Art	Førekost i Masfjorden	Moglege trugsmål lokalt
Direkte truga (E)	Åkerrikse	Tidlegare regulær, no borte	<ul style="list-style-type: none"> • Tidleg slått, endra kulturlandskap
Sårbar (V)	Høsehauk Jaktfalk Vandrefalk Lomvi Hubro Vendehals Kvitryggspett	Fåtalog hekkefugl Fåtalog hekkefugl Fåtalog hekkefugl Fåtalog vintergjest Sannsynleg fåtalog hekkefugl Tidlegare (?) hekkefugl, no sjeldan Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon i arealet av gammalskog • Faunakriminalitet • Faunakriminalitet • Drukning i fiskegarn • Næringssviikt • Akutt ureining av kystområde (olje) • Feilaktig artsbestemt ved jakt • Kraftlinjer • Ingen kjente • Reduksjon i areal av gammalskog og mangel på ståande, død ved
Sjeldan (R)	Sangsvane Kongeørn Fiskeørn	Regelbunden vintergjest Fåtalog hekkefugl Tilfeldig gjest	<ul style="list-style-type: none"> • Kraftlinjer • Faunakriminalitet -
Omsynskrevjande (DC)	Smålom Storlom Havørn Gråspett Dvergspett	Fåtalog hekkefugl Fåtalog hekkefugl Fåtalog streiffugl Sannsynleg fåtalog hekkefugl Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Forstyrning på hekkeplass • Vassdragsregulering • Drukning i fiskegarn • Kollisjon med kraftlinjer • Som for smålom • Forstyrning på hekkeplass • Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog • Reduksjon i areal av eldre lauv- og blandingsskog
Bør overvakast (DM)	Havelle Svartand Teist Oter Piggsvin Skjeggflaggermus Dvergflaggermus Langøyrefl.mus	Fåtalog vintergjest Sannsynleg og sjeldan hekkefugl Fåtalog hekkefugl Fåtalog, men utbreidd yngleart Fåtalog yngleart (gjeninnført) Sannsynleg yngleart Sannsynleg yngleart Mogleg yngleart	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskereidskap • Akutt ureining av kystområde (olje) • Drukning i fiskereidskap • Uroing i reirområdet • Drukning i fiskereidskap • Predasjon frå mink • Drukning i fiskereidskap • Biltrafikk, åkøyrlar • Usikkert • Usikkert • Usikkert

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane held fram.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane held fram.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tids-

punkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege i Masfjorden er svartbak, bergirisk og ikkje minst siland, som Masfjorden har ein god bestand av (Tabell 2).

Tabell 2. Norske ansvarsartar i Masfjorden.

Årstid	Art	Norsk del (%) av europeisk bestand	Førekost i Masfjorden
Hekkebestand	Havørn	45	Fåtalig hekkefugl
	Jaktfalk	38	Fåtalig hekkefugl
	Fjellrype	42	Ganske vanleg hekkefugl i fjellet
	Raudstilk	35	Fåtalig hekkefugl
	Svartbak	31	Vanleg hekkefugl
	Krykkje	40	Sporadisk gjest
	Skjerpiplerke	88	Fåtalig hekkefugl
	Bergirisk	59	Sannsynleg hekkefugl
Vinterbestand	Storskarv	30	Vanleg vintergjest
	Toppskarv	25	Fåtalig vintergjest
	Siland	30	Vanleg hekkefugl
	Fjøreplytt	60	Fåtalig hekkefugl i fjellet
Heile året	Oter	Minst 25	Fåtalig, men utbreidd yngleart
	Lemen	Minst 25	Vanleg i fjellet



Bergiriska er ein norsk ansvarsart som er vanleg mange stader i Masfjorden. Foto: Ingvar Grastveit.

7. STATUS FOR VILTET I MASFJORDEN

Det er observert 162 viltartar i Masfjorden, 2 amfibium, 1 krypdyr, 139 fugleartar og 20 pattedyrartar. Ei fullstendig artsliste er gitt i Vedlegg 1. For mange av artane er kunnskapen mangelfull, særleg gjeld dette småpattedyra, som òg er dårleg dokumentert.

AMFIBIUM

Frosk *Rana temporaria*

Vanleg utbreidd ved ferskvatn i lågareliggjande delar av kommunen.

Padde *Bufo bufo*

Ikkje kartlagt i detalj, men arten skal vere utbreidd over store delar av kommunen (ikkje i fjellet), men neppe like vanleg som frosk.

KRYPDYR

Hoggorm *Vipera berus*

Hoggormen er vanleg over storparten av Masfjorden kommune, også opp mot fjellet.



Padde finst i alle kommunar i Hordaland, også i Masfjorden, men utbreiinga er dårleg kjent. Foto: Ingvar Grastveit.



Hoggorm, vanleg art i Masfjorden. Foto: Ingvar Grastveit.

FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. Ettersom det også finst ein god del kunnskapsrike og entusiastiske amatørornitologar i Noreg, er det også denne dyregruppa som tradisjonelt er best kartlagt. Dette gjeld også Masfjorden, sjølv om nett denne kommunen ligg litt utanom "allfarveg" for dei fleste fugleinteresserte i regionen. I alt er det registrert 139 fugleartar i Masfjorden kommune pr. 2003. Av desse er omlag 100 rekna som hekkefuglar (konstatert eller sannsynleg hekking).

Artslista over registrerte fugleartar i Masfjorden nedanfor har utan tvil klare manglar, særleg gjeld dette vadefuglar på trekk og ein del sporvefuglar, som nok opptre regelbunde i kommunen utan at dette så langt er dokumentert. På den andre sida har ein i Masfjorden uvanleg godt oversyn over førekomsten av rovfugl og til dels også lommar, som er viktige fuglegrupper frå eit forvaltningssynspunkt. Masfjorden er også mellom dei viktigaste områda i Hordaland for fleire av spetteartane, men her er detaljkunnskapen om dei einskilde artane og kvar dei finst noko dårlegare.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for røynde ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lystilhøve, observasjonsavstand og observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomité), og det finst ein slik komité i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, *Ornis Norvegica*, av NSKF. Desse publikasjonane inneheld òg observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrappen følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor berre artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtalta og rekna som offisielle. For



Smålomen er klassifisert som omsynskrevjande på den norske raudlista. Lokale hekkebestandar av denne arten vert sjeldan store. Masfjorden ser ut til å ha ein av dei beste "bestandane" i Hordaland, med ein anslått bestandt på 2-5 par. Foto: Ingvar Grastveit.

desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanheitskommiteane. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Talet på observasjonsdatoar er ikkje nødvendigvis komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine internettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.

LOMMAR

Smålom *Gavia stellata* **Omsynskrevjande (DC)**
Regelbunden hekkefugl i fjellområda i Masfjorden med minimum 2 par, mest truleg er bestanden noko større enn dette. Dette gjer Masfjorden til ein av dei aller viktigaste kommunane for arten i Hordaland.

Storlom *G. arctica* **Omsynskrevjande (DC)**
Regelbunden hekkefugl, men ikkje like vanleg som smålom i Masfjorden. Det finst minst 2 faste hekkelokalitetar for arten, samt fleire par som har tilhald i grenseområda mot nabokommunane, der reirområdet mest truleg ligg i den andre kommunen.

DUKKARAR

Gråstrupedukkar *Podiceps grisegena*
Truleg regelbunden, men fåtalig vintergjest i grunne sjøområde ut mot Fensfjorden. 2 ind. registrert 23.2.1999 ved Haugsøy (S. Byrkjeland).

Horndukkar *Podiceps auritus*

1 ind. ved Pittholmen 23.2.1999 (S. Byrkjeland). Arten opptrer truleg oftare enn dette i grunne sjøområde i kommunen, men neppe like frekvent som gråstrupedukkar.

PELIKANFUGLAR

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**

Vanleg trekk- og overvintringsgjest ved kystområda i kommunen. Dei viktigaste områda er å finne ytst mot Fensfjorden, der arten også har fleire etablerte kvileskjer. Total vinterbestand i heile Fensfjorden, Austfjorden og Masfjorden vart i februar 1999 rekna til om lag 245 individ (Byrkjeland & Sætre 1999), men då er altså ein del fuglar frå Lindås inkluderte.



Storskarv. Foto: Ingvar Grastveit

Toppskarv *P. aristotelis* **Ansvarsart vinterbestand**
Regelbunden vintergjest ytst på kysten, men i små tal.

Havsule *Sula bassana*
Vert stundom sett utanom hekketid i farvatna ut mot Fensfjorden, særleg etter periodar med sterk pålandsvind. Såleis blei ein vaksen fugl funne skada ved Andvik våren 2001 (M. Sleire).


HEGRER

Gråhegre *Ardea cinerea*
Regelbunden hekkefugl. Det finst ingen større hekkekoloniar i Masfjorden i dag, men fleire små — m.a. på Raunøy. Fram til kring 1990 var det ein fast hekkekoloni ved Risnes, men denne er no fråflytta. Det finst likevel ein nyetablert hekkekoloni på ein holme i fjorden ein km lenger vest.

ANDEFUGLAR

Songsvane *Cygnus cygnus* **Sjeldan (R)**
Regelbunden vintergjest. Totalbestanden i Masfjorden tel i dag opp mot 30-40 ind. på det meste, og mesteparten av fuglane held seg ulike stader i Frøysetvassdraget heilt opp til Ynnesdalen. Særleg er Sleirsvatnet, Ostevatnet og Langevatnet viktige område for arten. Songsvana har blitt vanlegare i Masfjorden dei seinare åra, slik utviklinga elles har vore på Vestlandet (Byrkjeland & Voie 1999).

Grågås *Anser anser*
Vanleg hekkefugl. Bestanden har teke seg kraftig opp gjennom dei to siste tiåra, og tel i dag fleire titals hekkepar. Dei viktigaste hekkeområda ligg på holmar ut mot Fensfjorden, men arten hekkar også ved ferskvatn, m.a. i Sleirsvatnet.



Grågåsa er regelbunden hekkefugl i Masfjorden, og bestanden har tatt seg opp i Masfjorden det siste tiåret. Foto: Ingvor Grastveit.

Kanadagås *Branta canadensis*
Hekkar i dag ved fleire ferskvatn i Masfjorden, m.a. Sleirsvatn og Rambjørgsvatn. Totalbestanden kan vere kring 5-6 par i dag. Det er ikkje usannsynleg at dette vil auke med åra, i takt med veksande bestand elles på Vestlandet og i landet for øvrig.

Kvitkinngås *Branta leucopsis*
Tilfeldig trekkgjest. Ein flokk vart registrert under overflyging av Haugsøy ein gong i mai kring 1995 (M. Sleire).

Gravand *Tadorna tadorna*
Tilfeldig gjest. Eit par vart sett ganske regelbunde ved Raunøy om våren for nokre år sidan, men hekking i området vart aldri påvist (M. Sleire). Det *kan* ha vore hekkefuglar frå den andre sida av Fensfjorden, men heller ikkje der kjenner ein faste hekkeplassar for arten.

Brunnakke *Anas penelope*
Regelbunden gjest utanom hekketid, men i små tal.

Krikkand *Anas crecca*
Hekkefugl, både ved ferskvatn i låglandet og i somme av fjellområda. Finst i alle delar av kommunen, men spreidd og aldri i store mengder lokalt.

Stokkand *Anas platyrhynchos*
Hekkefugl. Vanleg heile året.

Toppand *Aythya fuligula*
Regelbunden gjest utanom hekketida, normalt som einskildindivid eller i småflokkar.

Ærfugl *Somateria mollissima*
Vanleg hekkefugl på øyane vest i kommunen. Det synest ikkje som om bestanden i Masfjorden har auka dei siste 10-15 åra slik ein har sett mange andre stader i Hordaland.

Havelle *Clangula hyemalis* **Bør overvakast (DM)**
Regelbunden, men fåtalig vintergjest i kystsona i kommunen. Særleg områda utanfor Geitarøy peikar seg ut som eit attraktivt område for arten (M. Sleire).

Svartand *Melanitta nigra* **Bør overvakast (DM)**
Ved eitt av fjellvatna i Masfjorden finst ein liten (kanskje berre eitt par) hekkebestand av arten, som faktisk har vore der dei fleste åra sidan i alle fall 1984 (A. Gullvåg, O. Osaland). Saman med ein isolert førekomst i ytre Nordfjord (Gjershaug m.fl. 1994) er dette den vestlegaste hekkeførekomsten i Noreg. Mest truleg førekjem òg svartanda i mindre tal i kystsona i Masfjorden vinterstid, men dette har ikkje blitt dokumentert.



Mest truleg er det krikkanda (biletet) som er den vanlegaste andearten i ferskvatn i Masfjorden, sjølv om mange har rekna stökkanda vor å vere mest talrik. Krikkanda hekkar nemleg også i mange små skogstjørner og jamvel ganske høgt til fjells. Foto: Ingvar Grastveit.

Kvinand *Bucephala clangula*

Vintergjest, som opptre like gjerne i ferskvatn som i grunne sjøområde. Arten er truleg noko vanlegare i Masfjorden no enn tidlegare, men massekonsentrasjonar utanfor setjefiskanlegg er ikkje kjent her slik tilfellet er mange andre stader i Hordaland.

Siland *Mergus serrator* **Ansvarsart vinterbestand**

Vanleg hekkefugl i strandsona og også i nokre av ferskvatna i kommunen. Mest truleg den vanlegaste andearten i Masfjorden totalt sett. Generelt er Fensfjorden eitt av dei aller viktigaste overvintringsområda for siland på Vestlandet, og noko av den totale førekomsten til denne årstid er å finne i Masfjorden sin del av Austfjorden og Fensfjorden.

Laksand *Mergus merganser*

Regelbunden vintergjest i fleire av vassdraga i kommunen, særleg i Frøysetvassdraget der bestanden tel >10 ind.

ROVFUGLAR

Havørn *Haliaeetus albicilla* **Omsynskrevjande (DC)**
Ansvarsart hekkebestand

Masfjorden er mellom dei aller «beste» havørn-kommunane i Hordaland, med ein hekkebestand på truleg 5 par totalt (3 av dei er sikre, medan dei resterande 2 treng betre dokumentasjon).

Hønehauk *Accipiter gentilis*

Sårbar (V)

Hekkefugl, som i særleg grad er knytt til eldre furuskog på god bonitet. Bestanden er ikkje fullgodt kartlagt, men ein reknar med eit minimum på 4-5 revir i heile kommunen (O. Overvoll).

Sporvehauk *Accipiter nisus*

Hekkefugl. Bestanden er ikkje kartlagt i detalj, men arten hekkar i alle fall ved Hosteland og nok også elles spreidd i kommunen (M. Sleire).

Fjellvåk *Buteo lagopus*

Hekkefugl, men i svært varierende mengd frå år til år. I 1988, som var eit toppår for smågnagarar i kommunen, hekka t.d. heile 5 par innanfor 2 km (M. Sleire). Dette er uvanleg tett, i somme dårlege smågnagarår hekkar kanskje ikkje fjellvåken i det heile her.

Musvåk *Buteo buteo*

1 ind. ved Duesund 11.9.1998 (M. Gullaksen). Eit par av arten skal ha hekka på austsida av Masfjorden i 1984 (G. Berge).

Kongeørn *Aquila chrysaetos*

Sjeldan (R)

Hekkefugl. Det er dokumentert 2 hekkande par av arten i Masfjorden, ein bestandsstorleik som er i samsvar med det ein kan forvente. Det ligg føre eit interessant ringmerkjingsgjenfunn av arten: Ei ho som vart kontrollert i Masfjorden 29.1.2000 var ringmerkt som reirunge i Møre og Romsdal så tidleg som i juni 1974. Fuglen var såleis i sitt 26. leveår då den vart kontrollert.

Fiskeørn *Pandion haliaetus*

Tilfeldig gjest. 2 ind. heldt seg ved Eikemofossen ein periode medio mai eit år på slutten av 1990-talet, truleg 1998 (M. Sleire).

Tårnfalk *Falco tinnunculus*

Påvist hekkefugl. 1 par hekkar årvisst i Stordalen, men i gode smågnagarår er nok bestanden større. Tårnfalken blir dessutan stundom sett på trekk.

Dvergfalk *Falco columbarius*

Sannsynleg hekkefugl. Var svært regelbunden å sjå tidlegare, men bestanden synest å ha gått sterkt tilbake (M. Sleire).

Jaktfalk *Falco rusticolus*

Sårbar (V)
Ansvarsart hekkebestand

Hekkefugl. Denne sjeldne og særst sårbare arten er påvist med eitt stabilt revir i Masfjorden.

Vandrefalk *Falco peregrinus*

Sårbar (V)

Hekkefugl. Vandrefalken er i ferd med å bygge opp att ein hekkebestand i Hordaland, etter å ha vore mest heilt fråverande i mange år. Det er først dei siste tre åra at arten sikkert har hekka i denne kommunen. I dag hekkar 2 sikre par, men arten er vanskeleg å påvise, så bestanden kan vere noko større.

HØNSEFUGLAR**Lirype** *Lagopus lagopus*

Vanleg hekkefugl i bjørkebeltet i kommunen, på begge sider av sjølve Masfjorden.

Fjellrype *Lagopus mutus*

Ansvarsart hekkebestand

Vanleg og utbreidd hekkefugl i dei store fjellområda i Masfjorden, nok med ein større totalbestand enn lirypa.

Orrfugl *Tetrao tetrix*

Hekkefugl, flekkvis utbreidd. Spelende orrhanar er å høyre fleire stader i kommunen, men ingen større, faste leikområde er kartlagt. Dei beste leveplassane for arten synest å vere i lyngheia i kystområda, og bestanden er truleg noko negativt påverka av attgroing av desse biotopane.

Storfugl *Tetrao urogallus*

Fåtalig hekkefugl. Masfjorden har mange eigna skogområde for denne arten, og bestanden er mest truleg undervurdert. Det er i dag lite jakt på storfugl her, lokalt synest det største trugsmålet mot bestanden å vere omfattande hogst av skogen.

TRANEFUGLAR**Åkerrikse** *Crex crex*

Direkte truga (E)

Ein gong var arten utbreidd i Masfjorden, som den var mange stader på Vestlandet. Generelt forsvann åkerrikse dei fleste stader i landsdelen i løpet av 1960-talet, og dette synest også å ha vore tilfellet i Masfjorden. I alle fall ligg det berre føre gamle opplysningar om arten her, og definitivt ingen etter 1980.

Trane *Grus grus*

Tilfeldig gjest. Eitt ind. vart observert under overflyging over Duesundfjellet ca. 1985 (M. Sleire).

VADEFUGLAR**Tjeld** *Haematopus ostralgeus*

Vanleg hekkefugl, og dessutan også vanleg å sjå i trekktidene.

Heilo *Pluvialis apricaria*

Hekkar spreidd over store delar av fjellområda i Masfjorden.

Vipe *Vanellus vanellus*

Hekkefugl. I hovudsak knytta til aktivt drive jordbruksland, m.a. ved Sleire og Haugsdal. Bestanden fluktuierer ein del mellom år, og synest å ha vore relativt låg dei aller siste åra.

Fjøreplytt *Calidris maritima*

Hekkefugl. Det finst ein mindre hekkebestand av arten i fjellområda sør for Skjerjevatt i Stordalen. Arten vart påvist hekkande her 3/7-1989 (O. Osaland), og inntil 3 varslande individ har vore sett her også fleire år tidlegare. Denne førekomsten synest å vere stabil sjølv om den ligg isolert i høve til arten si øvrige utbreiing. Mest truleg er det det vestlegaste påviste hekkefunnet i fastlands-Noreg av denne alpine vadefuglen, som ein elles må til Hardangervidda for å finne ein samanhengande førekomst av.

Enkeltbekkasin *Gallinago gallinago*

Hekkefugl. Finst spreidd ved eigna våtmarker i kommunen, men ikkje spesielt vanleg ettersom høvelege biotopar ikkje er så godt representert.

Rugde *Scolopax rusticola*

Vanleg hekkefugl i skogområde i kommunen. Masfjorden har ein sterk bestand av denne arten. Rugda er meir krevande å påvise om vinteren, men truleg freistar også ein del rugder å overvintre i Masfjorden.

Småspove *Numenius phaeopus*

Mogleg hekkefugl. Vert jamnleg sett på nokre av dei ytre øyane i kommunen i hekketida, særleg i Raunøyområdet (M. Sleire). Hekkebestanden er i så fall ikkje stor, neppe meir enn 1-2 par.

Storspove *Numenius arquata*

Hekkefugl. Arten er helst knytta til opne lyngheiområde og utmarksbeite, og bestanden i Masfjorden er ikkje spesielt stor. Det beste området for storspova i dag synest å vere Holnsøyna og øyane rundt.

Raudstilk *Tringa totanus*

Hekkefugl, men hekkebestanden har nok gått tilbake. Finst helst i låglandet, men også i fjellet, som t.d. ved Skjerjevatnet i Stordalen.

Strandsnippe *Actitis hypoleucos*

Vanleg hekkefugl langs mange av vassdraga i kommunen, helst frå tregrensa og nedover.

Steinvendar *Arenaria interpres*

Mogleg hekkefugl. Arten vart sett fleire år i hekketida på Raunøy, og kan mykje vel ha hekka her (Byrkjeland 1999). Status for arten på denne staden er i dag uviss. Elles må ein rekne med at det finst mindre flokkar av steinvendar i skjergarden i Masfjorden vinterstid.

JOAR, MÅSAR OG TERNER**Tjuvjo** *Stercorarius parasiticus*

Sannsynleg hekkefugl i den ytre skjergarden i Masfjorden tidlegare, i dag vert arten berre sett heilt sporadisk her. Dette samsvarer godt med arten si bestandsutvikling elles i Hordaland, der det berre er att nokre ytterst få hekkepar i dag etter at tjuvjoen var vanleg utbreidd på kysten og i fleire av fjordområda på 1970-talet.



Tjuvjoen har blitt nesten heilt borte frå kysten av Hordaland.
Foto: Ingvar Grastveit.

Hettemåse *Larus ridibundus*

Tilfeldig gjest — heilt sporadisk og berre i små tal.

Fiskemåse *Larus canus*

Talrik hekkefugl fleire stader i Masfjorden. Dei største hekkekoloniane er å finne på dei ytre øyane, og desse koloniane er verna som sjøfuglreservat. Arten finst i Masfjorden også utanom hekketid, men då berre i små mengder og meir tilfeldig.

Sildemåse *Larus fuscus*

Vanleg hekkefugl, mest talrik er arten ved dei ytre øyane i kommunen. Raunøyområdet held ein viktig hekkekoloni for arten, som har vore stabilt god gjennom mange år i ein periode då sildemåsebestanden i Hordaland har vore relativt låg (Byrkjeland 1999).

Gråmåse *Larus argentatus*

Talrik hekkefugl. Der det finst koloniar i Masfjorden, som ved Raunøy, ligg desse gjerne saman eller tett inntil hekkekoloniar av sildemåse.

Svartbak *Larus marinus* **Ansvarsart hekkebestand**

Vanleg hekkefugl, men store og regionalt viktige hekkekoloniar av arten er ikkje registrert i Masfjorden. Arten hekkar meir spreidd og solitært i skjergarden.

Krykkje *Rissa tridactyla* **Ansvarsart hekkebestand**

Tilfeldig gjest etter periodar med sterk pålandsvind i den ytste skjergarden.

Makrellterne *Sterna hirundo*

Hekkefugl. Makrellterna er vanlegare og finst meir spreidd i Masfjorden enn raudnebbterna, men har gått sterkt tilbake på Vestlandet, i alle fall sidan tidleg på 1980-talet. Mest truleg er dette også situasjonen i Masfjorden.

Raudnebbterne *Sterna paradisaea*

Hekkefugl, men slett ikkje så vanleg som før. Koloniar av denne arten er lite stabile, og er viktige å ta omsyn til når arten først slår seg til eit år. Finst mest typisk langs den ytre skjergarden i Masfjorden.

ALKEFUGLAR**Lomvi** *Uria aalge***Sårbar (V)**

Tilfeldig vintergjest, opptre i sterkt varierende mengd frå år til år. Arten var langt sterkare representert i Masfjorden for eit par tiår sidan enn i dag, noko som truleg skuldast den negative utviklinga i hekkekoloniane i Storbritannia, der lomviane som overvintrar på Vestlandet gjerne kjem frå.



Tett flokk med lomvi — ein utopi i Masfjorden? Ja — og kanskje nei! Utopi er det ettersom fuglane på biletet er i sommardrakt, og lomvien hekkar ikkje i Hordaland. Men vi skal ikkje meir enn eit par tiår tilbake før det var mykje lomvi å sjå i Fensfjorden vinterstid. Arten finst her også i dag, men mengdene er langt mindre. Truleg skuldast dette den dramatiske nedgangen som har funne stad i lomvibestandane i Europa, også i Storbritannia der fuglane som overvintrar på Vestlandet helst kjem frå. Foto: Ingvar Grastveit.

Alke *Alca torda*

Tilfeldig vintergjest, som nok var vanlegare tidlegare. I dag er det mest berre heilt tilfeldige "slengarar" ein kan sjå i Masfjorden.

Teist *Cephus grylle*

Bør overvakast (DM)

Eitt einskild par av arten har i ei årrekke hekk på ei øy ut mot Fensfjorden, og gjer det framleis (M. Sleire). Lokaliteten er sær sårbar ettersom den er så liten. Kanskje er dette ein liten, standhaftig rest av ein teistbestand som på 1970-talet og tidlegare var vesentleg meir utbreidd i Hordaland, men Masfjorden har neppe mange eigna hekkeplassar for denne arten.

Alkekonge *Alle alle*

Regelmessig vintergjest, somme år opptre truleg denne arten talrikt i Fensfjorden om hausten og vinteren.

DUER

Ringdue *Columba palumbus*

Ein vanleg og utbreidd hekkefugl i Masfjorden i dag. Bestanden synest å ha bygd seg vesentleg opp over dei siste tiåra, tilsynelatande eit gjenomgåande trekk også andre stader i fylket.

Tyrkardue *Streptopelia decaocto*

Arten synest å vere mest heilt fråverande i dag, men var sikkert etablert hekkefugl ved fleire tettstader på 1970-talet då bestanden generelt

var sterk på Vestlandet. Konkret observasjon: 1 individ ved Masfjordnes 1/6-1990 (T. Svendsen).

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Utbreidd hekkefugl, men truleg meir fåtalig i dag enn tidlegare. Viktigaste vertsarten for gauken i Masfjorden synest å vere heippiplerka (M. Sleire).

UGLER

Hubro *Bubo bubo*

Sårbar (V)

Sannsynleg hekkefugl. Sikker dokumentasjon på hekking ligg ikkje føre, sjølv om det finst fleire område, både på øyane og opp mot fjellet, der arten vert registrert frå tid til anna. Sannsynleg hekkebestand i kommunen i dag er 2-4 par. Sikre detaljar om lokal førekomst vil vere viktig å framskaffe, og kjerneområde for arten bør skånast for omfattande naturinngrep.

Haukugle *Surnia ulula*

Tilfeldig gjest, primært i dei store invasjonsåra (M. Sleire).

Jordugle *Asio flammeus*

Sporadisk førekomst. 2 ind. heldt seg mest heile vinteren 1990 i Markhusdalen. Særleg i 1988

var det mykje av arten i fjellområda, frå august og utover hausten (M. Sleire).

Kattugle *Strix aluco*

Vanleg hekkefugl i lågareliggande delar av kommunen.

SEGLARAR

Tårnsegjar *Apus apus*

Tilfeldig gjest — helst einskildindivid eller nokre få individ i følgje.

RÅKEFUGLAR

Bietar *Merops apiaster*

Eitt individ vart observert ved Birkeland 16/9-1983 (LRSK-Hordaland).

Hærfugl *Upupa epops*

To tilfeldige funn: Ein hann Masfjorden 4/10-1909 (Zool. Museum, Bergen 3945) og ein ho-fugl ved Sørkvinge 9/10-1930 (*Krompen* 3: 13).

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla*

Sårbar (V)

Arten vart høyrte i 2002 (M. Sleire), men elles er arten ikkje rapportert frå Masfjorden dei seinare åra. Dette er også tendensen elles i Hordaland. Tidlegare var nok arten utbreidd over store delar av Masfjorden.

Gråspett *Picus canus*

Omsynskrevjande (DC)

Sannsynleg hekkefugl. Tilgangen på eigna skog gjer at Masfjorden har ein relativt sterk bestand av denne arten. Den førekjem likevel meir spreidd enn grønspeppen, kan hende med ein bestand på oppunder 10 par.

Grønspepp *Picus viridis*

Vanleg hekkefugl. Grønspeppen er den vanlegaste spettearten i Masfjorden, utbreidd over lågareliggande skogområde i heile kommunen. Truleg tel hekkebestanden >30 par (M. Sleire). Få kommunar i Hordaland kan framvise ein så sterk bestand av arten.


Flaggspett *Dendrocopos major*

Sannsynleg hekkefugl. Vanleg i invasjonår, som t.d. hausten 2001.

Kvitryggspett *Dendrocopos leucotos*

Sårbar (V)

Utbreidd, men ganske fåtalig hekkefugl. Synest nest etter grønspeppen å vere den vanlegaste spettearten i Masfjorden, med ein bestand som kanskje er så stor som 25 par (M. Sleire). Det



Dvergspetten er ein vanskeleg art å kartlegge fullgodt, men Masfjorden har utan tvil ein sterk bestand, samanlikna med mange andre kommunar i Nordhordland. Foto: Ingvar Grastveit.

gjer Masfjorden til ein viktig kommune for denne sårbare fuglearten i landsmålestokk, og ei meir detaljert kartlegging av dei viktigaste og mest stabile leveområda vil vere å ynskje.

Dvergspett *Dendrocopos minor*

Omsynskr. (DC)

Spreidd men utbreidd hekkefugl, om lag like utbreidd som gråspett. Masfjorden har gode føresetnader for denne arten, som ofte er vanskeleg å påvise.

SPORVEFUGLAR

Sandsvale *Riparia riparia*

Hekkefugl. Tidlegare fanst det ein stor hekkekoloni på Sleire, men denne er no borte (M. Sleire). I eit sandtak ved Andvik hekka tidlegare 50-60 par. Denne kolonien var borte i 2001 (S. Byrkjeland), og det er neppe truleg at fuglane har hekka her sidan.

Låvesvale *Hirundo rustica*

Vanleg hekkefugl i kulturlandskapet, dessutan vanleg i trekktidene vår og haust.

Taksvale *Delichon urbica*

Hekkefugl. Det finst framleis ein del mindre koloniar att av denne arten i Masfjorden. Dei fleste kjende er å finne på husveggar (desse er lettast å finne), men førekomst også langt vekk frå busetnad tyder på at også ein del svaler hekkar i klippeveggar.

Trepiplerke *Anthus trivialis*

Vanleg hekkefugl. I spesielle furuskogområde finst ganske tette bestandar av arten.

Heiplierke *Anthus pratensis*

Talrik hekkefugl. Ikkje usannsynleg er dette den vanlegaste viltarten i Masfjorden, vanleg i fjellet såvel som i låglandet.

Skjerpipelerke *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebestand**

Fåtaleg hekkefugl i kommunen, m.a. på Ytre Raunholmen (M. Sleire).

Linerle *Motacilla alba*

Vanleg hekkefugl. Underarten svartryggerle er også sett tilfeldig (M. Sleire).

Sidensvans *Bombycilla garrulus*

I gode invasjonår kjem også ein del sidensvans innom Masfjorden, men særleg vanleg er ikkje arten sjølv i slike år.

Fossefall *Cinclus cinclus*

Ein utbreidd hekkefugl i alle eigna vassdrag i Masfjorden.

Gjerdsmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg hekkefugl, og heller ikkje sjeldan å sjå i vinterhalvåret.

Jernsporv *Prunella modularis*

Stadvis ein talrik hekkefugl. Særleg gjeld dette tørre furuskogsområde med stort innslag av einer.

Raudstrupe *Erithacus rubecula*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon.

Blåstrupe *Luscinia svecica*

Hekkefugl. Det finst ein liten, men marginal bestand i fjellområda aust og sør for Stordalsvatnet. Særleg sommaren 1985 vart arten påvist

ved fleire lokalitetar her (O. Osaland), ikkje like utbreidd i andre undersøkte år. Kan hende finst arten også i andre fjellområde i kommunen, som t.d. ovanfor Andvik. Blåstrupe er også sett i Yndesdalen like nord for fylkesgrensa (M. Sleire).

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Påvist hekkande ved Ostavatnet for mange år sidan (M. Sleire), og vart og vurdert som sannsynleg hekkefugl ved Eikemo i 1994 (S. Byrkjeland). Arten er truleg regelbunden hekkefugl somme stader i kommunen, og vert sett av og til.

Buskskvett *Saxicola rubetra*

Sannsynleg hekkefugl. Arten synest å ha ei sparsam utbreiing i Masfjorden.

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*

Utbreidd hekkefugl over heile kommunen, særleg i fjellet.

Ringtrast *Turdus torquatus*

Vanleg hekkefugl. Ein karakterart i lier der det ikkje veks særleg skog. Masfjorden vert gjerne rekna som ein kommune som har særleg god representasjon av denne arten, sett i høve til mange andre stader i Hordaland.

Svartrast *Turdus merula*

Talrik hekkefugl, dessutan vanleg overvintringsgjest.

Gråtrast *Turdus pilaris*

Talrik hekkefugl. Hekkar gjerne nær dyrka mark og kan også vere talrik i bjørkeskog mot fjellet.

Måltrast *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl i skog.

Raudvengetrast *Turdus iliacus*

Talrik hekkefugl i skog.



Heiplierke – den vanlegaste fuglearten i Masfjorden? Foto: Ingvar Grastveit.



Luvmeis. Foto: Ingvar Grastveit.

Gulsongar *Hippolais icterina*

Sannsynleg hekkefugl. Lite er kjent om denne arten i Masfjorden, men 1 ind. vart påvist i Stordalen 25-26/6-1986 (O. Osaland). Truleg er arten sterkare utbreidd i meir lågareliggande, frodige lauvskogsområde, særleg oreskog, men kartlegginga er mangelfull.

Tornsongar *Sylvia communis*

Sannsynleg hekkefugl i kantskog og nær opne område, lokalt i gode bestandar.

Munk *Sylvia atricapilla*

Sannsynleg hekkefugl i frodige lauvskogar.

Gransongar *Phylloscopus collybita*

Sannsynleg hekkefugl i høgtvaksen lauvskog.

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*

Talrik hekkefugl.

Fuglekonge *Regulus regulus*

Sannsynleg og utbreidd hekkefugl i fleire typar skog i kommunen.

Gråflugesnappar *Muscicapa striata*

Sannsynleg hekkefugl på eigna stader, men rapporteringa for denne arten er mangelfull.

Svartkvit flugesnappar *Ficedula hypoleuca*

I utgangspunktet ein vanleg hekkefugl, som for tida ser ut til å være nede i ein "bølgjedal" i distriktet.

Stjertmeis *Aegithalos caudatus*

Vanleg hekkefugl — bestanden i Masfjorden vert rekna for å vere rimeleg god.

Luvmeis *Parus palustris*

Ganske vanleg hekkefugl.

Granmeis *Parus montanus*

Talrik hekkefugl, vidt utbreidd i kommunen.

Toppmeis *Parus cristatus*

Hekkefugl i furuskog, også i plantefelt av buskfu-ru ute ved kysten.

Svartmeis *Parus ater*

Sannsynleg hekkefugl.

Blåmeis *Parus caeruleus*

Talrik hekkefugl i storparten av dei lågareliggande delane av kommunen.

Kjøtmeis *Parus major*

Talrik hekkefugl.

Spettmeis *Sitta europaea*

Vanleg hekkefugl, særleg knytta til eldre og storvaksen lauvskog.

Trekrypar *Certhia familiaris*

Sannsynleg hekkefugl. Arten er sjeldan å sjå i Masfjorden, men mest truleg er bestanden undervurdert. Store delar av skogen i kommunen bør i alle fall vere veileigna.

Tornskate *Lanius collurio*

Tilfeldig gjest: 1 hann vart sett ved Solheim i mai for om lag fem år sidan (M. Sleire).

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*

Sannsynleg hekkefugl. Arten finst over store delar av kommunen, i tilsynelatande aukande tal. Det generelle trekket på Vestlandet har vore at nøtteskrika fekk eit sterkare feste i landsdelen etter storinvasjonen vinteren 1975, men i Masfjorden var arten godt utbreidd også før dette (M. Sleire).

Skjor *Pica pica*

Vanleg hekkefugl ved gardsbruk og tettbygde strom.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*

Tilfeldig gjest i invasjonår. 1 ind. Hogsvær 3/11-1977 (J.P. Madsen), 2 ind. Kallerud 4/11-1977 (J.P. Madsen), fleire ind. ulike stader hausten 1995 (T. Svendsen) og 2 ind. Hosteland november 2003 (M. Sleire).

Kråke *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl. Kjend for å kunne overnatte i store flokkar. Spesielle overnattingsstader for denne arten er ikkje kjende i Masfjorden, men truleg velgjer i alle fall ein del av bestanden i regionen å overnatte på ei av øyane ut mot Fensfjorden om vinteren.



Det er mykje furuskog i Masfjorden, og i den grad krossnebbar hekkar i desse skogane år om anna, er det grunn til å tru at det dreier seg om furukrossnebb. Men arten er vanskeleg å skilje frå grankrossnebben, og identifikasjonskarakterar som tidlegare vart nytta viser seg ikkje alltid å vere pålitelege. Foto: Ingvar Grastveit.

Ramn *Corvus corax*

Utbreidd hekkefugl, og er relativt vanleg å sjå til alle årstider.

Stare *Sturnus vulgaris*

Talrik hekkefugl, primært kring busetjing og kulturlandskap.

Gråsporv *Passer domesticus*

I utgangspunktet ein vanleg hekkefugl i nærleiken av busetnad, men bestanden har på det næraste brote saman i løpet av dei siste 10-20 åra (M. Sleire).

Bokfink *Fringilla coelebs*

Talrik hekkefugl, mest truleg ein av dei aller vanlegaste viltartane i Masfjorden. Finst i fleire ulike typar skog, forutan i kulturlandskapet.

Bjørkefink *Fringila montifringilla*

Vanleg hekkefugl i bjørkebeltet opp mot fjellet, men også i meir furudominert blandingskog.

Grønfink *Carduelis chloris*

Stadvis ein talrik hekkefugl. Status for arten i Masfjorden tidlegare er uviss, men mange stader på Vestlandet har bestanden gått sterkt fram dei siste tiåra — truleg som ein følgje av at vinterforing med solsikkefrø har blitt vanlegare.

Grønsisik *Carduelis spinus*

Ein talrik art til alle årstider i Masfjorden. Hekking er ikkje konkret påvist, men dette skuldast nok mangel på målretta undersøking.

Bergirisk *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**

Sannsynleg hekkefugl. Artene er generelt vanleg i kommunen, helst i kystnære område.

Brunsisik *Carduelis cabaret*

Sannsynleg hekkefugl, men status og eksakt førekomst uviss. Artene var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing, draktskilnader og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art. Brunsisiken er tilknytta kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Artene opptreir også vanleg i større og mindre flokkar i trekketidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

Gråsisik *Carduelis flammea*

Opptreir vanleg i større og mindre flokkar i trekketidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrok og områda opp mot bjørkebeltet.

Grankrossnebb *Loxia curvirostra*

Flokkar med krossnebbar er ikkje uvanlege sjå i Masfjorden gjennom hausten og vinteren. Artsbestemming av slike fuglar er vanskeleg, men truleg er både gran- og furukrossnebb innom Masfjorden frå tid til anna.

Furukrossnebb *Loxia pytyopsittacus*

Sjå grankrossnebb. Ofte har ein rekna furukrossnebben som vanlegare enn grankrossnebb i dei midtre og indre kommunane i Horda-

land, men sikker artsidentifikasjon er som nemnt krevande. Eit ungekull som vart mata av foreldra ved Hosteland for 6-7 år sidan (M. Sleire) vart rekna som furukrossnebb.

Dompap *Pyrrhula pyrrhula*

Sannsynleg hekkefugl, som er vanleg å sjå til alle årssider i Masfjorden.

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*

Sannsynleg hekkefugl. Arten er utbreidd i dei fleste fjellområda i Masfjorden, m.a. Austefjordfjella og i Stordalen.

Gulsporv *Emberiza citrinella*

Sannsynleg hekkefugl som har gått sterkt tilbake i Masfjorden, slik tendensen og har vore generelt i Sør-Noreg dei siste tiåra.

Sivsporv *Emberiza schoeniclus*

Hekkefugl. Bestanden av sivsporv i Masfjorden er spreidd og totalt sett ikkje stor, men arten finst dei fleste stader der vilkåra ligg til rette for det. Delar av bestanden hekkar ved våtmarker i fjellet, som t.d. i områda kring Stordalen, der det finst isolerte par ved fleire av vatna.

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin *Erinaceus europaeus* **Bør overvakast (DM)**

Piggsvinet var tidlegare utbreidd fleire stader i Masfjorden, men på slutten av 1990-talet døyde truleg bestanden mest heilt ut. Mange piggsvin vert overkøyrd i trafikken, men den viktigaste årsaka til nedgangen kan like godt ha vore nokre ugunstige vintrar. Nokre dyr har i ettertid blitt henta frå ein annan Nordhordlandskommune, og i dag finst det mindre bestandar i alle fall ved Hosteland (2 påkøyrd individ i 2001, 1 ind. sett 2002) og ved Duesund (M. Sleire).

Vanleg spissmus *Sorex araneus*

Truleg vanleg og talrik art. I Bergen Museum sine samlingar finst opplysningar om 2 eksemplar av denne arten som vart innsamla på Hosteland i 1994. Utover dette veit ein lite om førekomsten i Masfjorden, men det er sannsynleg at arten har ei vid utbreiing i kommunen.

Dvergspissmus *Sorex minutus*

Truleg like vanleg som vanleg spissmus, men dokumentasjon manglar.

FLAGGERMUS

Grunna vanskeleg artsbestemming er flaggermus ei dyregruppe ein veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskap om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkjingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte òg undersøkjingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2000). Dei nemnde undersøkjingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket. Fem artar er påvist i Masfjorden.

Når det gjeld raudlistestatus er fleire av artane oppførte i kategorien DM — bør overvakast. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om dei. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltningssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytt til bygningar.

Syvertsen m.fl. (2000) var innom ein god del stader i Masfjorden og registrerte flaggermus. Dei registreringane av flaggermus som er lista nedanfor, skriv seg frå denne rapporten. Det meste er framleis ukjent om førekomsten av flaggermus i Hordaland, og ei nærare kartlegging av denne dyregruppa bør vere ei interessant utfordring for nokon som har tilstrekkeleg kompetanse og interesse for emnet.

Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Påvist ved åtte ulike lokalitetar i juli-august 1999: Vassbugen, Langevatnet, Kjedal, Kvingevatnet, Totland, Eikemo, Storavatnet V og Matre (Syvertsen m.fl. 2000).

Skjeggflaggermus

Myotis mystacinus

Bør overvakast (DM)

Ei ho registrert Vassbugen 9/8-1999 (Syvertsen m.fl. 2000). Det ligg også føre fire registreringar av i alt minst seks individ av skjegg- eller brandtflaggermus i Masfjorden i juli-august 1999. Det er uråd å skilje desse artane ved den metoden som vart nytta, men ettersom brandtflaggermus aldri er sikkert påvist i Hordaland, dreier også desse registreringane seg mest truleg om skjeggflaggermus.

Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Arten vert rekna som den vanlegaste og mest utbreidde flaggermusarten i Hordaland, og dette er truleg også tilfellet i Masfjorden. I alle fall vart arten påvist ved ein rekkje lokalitetar i juli-august 1999, av Syvertsen m.fl. (2000).

Dvergflaggermus

Pipistrellus pygmaeus

Bør overvakast (DM)

Eit individ som truleg var av denne arten kom inn i ei stove på Hosteland i desember 2001 (meddelt M. Sleire). Arten vart dessutan påvist ved seks ulike lokalitetar i juli-august 1999: Sleire, Eikemodalen, Eikemo, Hogsværvatnet, Matredalen og N. Holene (Syvertsen 2000).

Langøyreflaggermus

Plecotus auritus

Bør overvakast (DM)

Påvist ved Solheim kyrkje 17/7-1999 (Syvertsen m.fl. 1999).

Meir informasjon om flaggermus finn du på internettsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane: <http://www.zoologi.no>

ROVDYR

Raudrev *Vulpes vulpes*

Masfjorden kommune vert rekna for å ha ein god bestand av raudrev, og det vert det skote nokre dyr innimellom.

Mink *Mustela vison*

Minken har lenge hatt ei vid utbreiing i Masfjorden kommune, og lokale tiltak med fellefangst synest ikkje å ha hatt særleg langsiktig effekt. Likevel ser det ut til at bestanden pr. 2004 er relativt låg samanlikna med situasjonen for berre få år sidan. Dette samsvarar med inntrykket frå mange andre stader i Hordaland, sjølv om ein mellombels nedgang ikkje kan seiast å vere *dokumentert* nokon stad. Ein veit heller ikkje kva som i så fall er årsakene til at bestanden for tida er noko låg.



For tida synest villminkbestanden generelt å vere noko lågare enn t.d. på slutten av 1990-talet. Dette ser og ut til å vere inntrykket i Masfjorden. Foto: Ingvar Grastveit.



Røyskatt i vinterpels. Foto: Ingvar Grastveit.

Røyskatt *Mustela ereminea*

Det finst ein "bra" bestand av røyskatt i Masfjorden. Arten er utbreidd over heile kommunen, både i låglandet og i fjellet.

Mår *Martes martes*

Det finst mykje skog i Masfjorden, og store delar av denne skogen tilfredsstillar krava som måren set som leveområde. Såleis er arten "rimeleg utbreidd" over heile kommunen (M. Sleire), men forsøk på å kartleggje og kvantifisere bestanden er aldri gjort.

Oter *Lutra lutra*

**Bør overvakast (DM)
Ansvarsart**

Oteren er for tida i ferd med å rekolonisere Hordaland, og dette skjer først i dei ytre kommunane, nord i fylket. Saman med Austrheim (og etter kvart Lindås) har Masfjorden i dag truleg den sterkaste bestanden av oter i Hordaland. Oteren finst no over heile Masfjorden kommune — også i vassdraga. Det er vanskeleg å ha ei sterk formeining om kor stor bestanden er, men det er truleg tale om nokre titals par. Bestanden synest framleis å vere i vekst her, sjølv om mange dyr går tapt i ruser i sjøen.

Jerv *Gulo gulo*

Sjeldan (R)

Det er sannsynleg at arten førekjem som streifdyr i fjellet år om anna. Jerveskadar på sau er påvist i Stølsheimen, men utanfor kommunegrensa til Masfjorden. Nærmaste kjende yngleområde ligg i Lærdalsfjella i Sogn og Fjordane.

Gaupe *Lynx lynx*

Bør overvakast (DM)

Streifdyr kan nok førekome sporadisk, men har aldri blitt dokumentert i nyare tid. Utbreiinga av gaupe i Noreg fell i stor grad saman med utbreiing av rådyr.

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Det finst ein spreidd bestand av hare i Masfjorden. Direkte vanleg er arten ikkje, og den desidert største bestanden er å finne i fjellet eller opp mot fjellområda. Eit distrikt som utmerkar seg med ein god harebestand er Stordalen.

GNAGRARAR

Ekorn *Sciurus vulgaris*

Ein vanleg utbreidd art over det meste av kommunen, der det finst høveleg skog.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Bestanden av brunrotte i Masfjorden er i dag avgrensa. I den grad rotter er å sjå, er dette gjerne ved somme gardsbruk.

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Mest truleg er dette den vanlegaste smågnagaren i låglandet i Masfjorden, men lite eksakt er rapportert og kjent om denne og andre smågnagarar i kommunen.

Markmus *Microtus agrestis*

Truleg vanleg art over store delar av kommunen, men konkrete belegg manglar.

Fjellrotte *Microtus oeconomus*

Finst truleg i fjellområda, men det føreligg ikkje sikre funn.

Gråsidemus *Clethrionomys rufocanus*

Truleg vanleg art i fjellområda, men inga detaljkartlegging ligg føre av denne eller andre gnagarar her.

Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Er truleg ganske vanleg i skog over det meste av kommunen.

Lemen *Lemmus lemmus*

Lemen finst i periodar talrikt i alle fjellområda i Masfjorden, også heilt ut til dei vestlegaste utkantane av kommunen. Det er såleis tale om ein av dei aller vestlegaste førekomstane i verda. Det siste verkelege toppåret for lemen her var i 1988, eit år det og hekkja uvanleg mykje fjellvåk og andre rovfuglar i Masfjordfjella.

HJORTEDYR

Elg *Alces alces*

Elg er registrert i kommunen, men ein kan ikkje seie at Masfjorden har ein fast stamme av arten i dag. Innvandringa til Masfjorden var faktisk

noko vanskelegare enn elles. Det fekk den første elgen som tok seg fram hit i 1997 smertelege røymsler om, ettersom den vart forveksla med ein hjort og skoten!


Hjort *Cervus elaphus*

Masfjorden er kjent som ein av dei aller beste hjortekommunane i Hordaland, rekna i tal felte dyr under jakta. Det føregår i stor grad utveksling av dyr med nabokommunane, særleg mot Gulen i nord og vest. Her er det årlig ei omfattande vandring av dyr, på breid front, frå Gulen og sørover, som også er sterkt merkbar i dei vestre delane av Masfjorden kommune.

Hjorten er utbreidd over heile Masfjorden, også på øyane, sjølv om det gjerne er her bestanden er tynnast. Dei generelt beste områda er å finne på Masfjordneshalvøya, om lag frå Kvingedalsvatnet til Andvikedalen, og dessutan frå Totland og i skogområda nordvestover langs fjorden. Eit anna viktig hjorteområde er skogane frå Hosteland nordover mot Sleirsvatnet samt liene ovanfor busetjinga ved Kallhovda. På austsida av Haugsdalen finst eit viktig vinterområde, og utover langs fjorden går det viktige trekkveggar. Desse trekkvegane er avgjerande for konsentrasjonen av hjort på Masfjordneshalvøya. Kart 2 viser viktige vinterbeite og trekkveggar.

Bestanden av hjort i Masfjorden har vore i sterk positiv utvikling sidan arten etablerte seg her i nyare tid på 1950-talet. Viltansvarlege i kommunen arrangerer jamnleg opteljingar av bestanden i april, men fellingsstatistikken gjev ofte det beste biletet på korleis bestanden har utvikla seg, sjølv om slike statistikkar vil vere sterkt påverka av kor mange jaktløyve som vert skrivne ut dei ulike åra. I 2003 vart det felt 234 hjort i Masfjorden, noko som tilsvarar ei slaktevekt på omlag 13 tonn og ein førstehands kjøtverdi på rundt 665.000 kr. Fellingsprosenten i 2003 var 65%. Generelt har fellingsprosenten variert frå 54% til 84% i tidsbolken 1984-2003. Fellingstala i Masfjorden er av dei aller høgaste blant kommunane i Hordaland, og ligg generelt litt over nivået i Lindås og nesten like høgt som ein stor kommune som Voss.

Ei fornuftig forvaltning av hjortebestanden er ei av dei største utfordringane innan viltforvaltninga i kommunane. Hjorten blir forvalta med tanke på hausting, noko som betyr at ein i utgangspunktet ønskjer å halde bestanden på eit høgast mogleg nivå i forhold til beiteressursane. "For mange" dyr fører til auka press på beiteområda og lågare kvalitet på dyra. Kor stor ein ønskjer at hjortestamma skal vere, blir ei avveging mellom maksimalt jaktutbyte og beiteskadar på drivverdig skog og innmark.



Figur 1. Tal felte hjort og tildelte løyve i Masfjorden kommune 1984-2003. Det finst statistikk tilbake til 1954, då vart det skote ca. fem dyr. Sidan auka talet jamt og trutt fram til 1984. Det førebelse rekordåret er 2001, då 240 dyr vart skotne.



© Viggo Ree

8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Av ressursmessige grunnar har ein ved slik kartlegging i dei fleste kommuner berre i avgrensa grad kunne nytte feltarbeid for kontroll og avgrensing av viltområda. Feltarbeid er naudsynt for å kontrollere ein del innsamla opplysningar og for å danne seg eit bilete av ulike naturområde som skal vurderast. Feltarbeidet vil dessutan alltid føre med seg konkrete observasjonar som er verdfulle ved den faglege vurderinga av områda som viltområde. I ein del tilfelle vil ein òg kunne gjere nye registreringar som dannar grunnlag for nye prioriterte viltområde. Ikkje minst vil feltarbeid kunne auke presisjonen av viltopplysningane, noko som er svært viktig for å kunne drive god og presis forvaltning.



Havella er ikkje den viktigaste viltarten i Masfjorden, men generelt er det viktig å halde seg oppdatert på situasjonen i sjøfuglbestandane også i denne kommunen. Foto: Ingvar Grastveit.

Sjøfuglkartlegging. Det pågår for tida eit omfattande kartleggingsprogram av sjøfugl på Vestlandet i regi av fylkesmennene. Her vil det dei næraste åra kome ny og oppdatert kunnskap om sjøfuglførekommene. Sjølv om Masfjorden nok ikkje er mellom dei aller viktigaste sjøfuglkommunane på Vestlandet, finst her likevel artar som er viktige i ein vidare samanheng og som det er viktig å kjenne bestandsutviklinga til. Det er såleis viktig at viltkarta vert oppgraderte når desse nye opplysningane er tilgjengelege. Det bør heller ikkje gå for lang tid før eit slikt registreringsgrunnlag vert oppdatert, for særleg viltartar knytta mot det marine miljøet er underlagt store endringar over ganske få år.

Kartlegging av spesielt krevande viltartar. Masfjorden kommune utmerkar seg med mange

interessante skogområde som er viktige for ei rekke ulike viltartar. Kartlegging av slike biotopar er krevande. Dette gjeld særleg spettar og storfugl. I Masfjorden finst det utan tvil vesentleg fleire område som er viktige for desse artane enn det som er kartfesta i denne rapporten, og i mange av dei allereie kartfesta områda kan avgrensinga utan tvil bli betre. Særleg når det gjeld leikområde for storfugl kan materialet kompletterast.

Ein annan viltart som det krevst omfattande innsats for å kartlegge fullgodt er hubroen. Det er viktig å ha best mogleg oversikt over situasjonen for ein slik art, så dersom seriøse einskildpersonar eller instansar ynskjer å engasjere seg i detaljkartlegging på dette nivået, bør slike tiltak støttast og stimulerast dersom ein har høve til det.

Heller ikkje for oter finst det ei representativ kartlegging i dag. Akkurat i Masfjorden er dette ikkje så påkravd i dag, ettersom oterbestanden for tida er god her. Men vi skal ikkje så mange år tilbake før oterbestanden var mest heilt fråverande også her, og slike tider kan kome att. I så fall er det viktig å ha god oversikt over dei beste leveområda, slik at ein kan ivareta dei viktigaste behovene for arten.

Flaggermus. Flaggermus er ei dyregruppe ein, generelt, har liten kunnskap om. Ei betre oversikt over førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Masfjorden er ønskjeleg. Dersom høvet skulle kome, bør ein nytte sjansen til å få utvida kunnskapsgrunnlaget om flaggermus i denne delen av fylket. Dersom ein skulle bli kjent med større barselkoloniar eller andre viktige samlingsplassar for flaggermus i bygningar eller andre stader, må ein vurdere om det er naudsynt å setje i verk tiltak for å sikre lokaliteten (dette kjem m.a. an på kva art det er snakk om). Og her har sjølv sagt også ein eventuell huseigar eit ord med i laget.

Småpattedyr. Utbreiing og førekomst av småpattedyr, særleg smågnagarane, bør dokumenterast betre.

Amfibium. Også førekomst og utbreiing av frosk og særleg padde bør dokumenterast betre.

9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

SKOGBRUK

Den tradisjonelle konflikten mellom vilt og skogbruk er knytta til utnytting av produktiv skog for tømmerproduksjon. Etter innføringa av flatehogst og omfattande treslagsskifte på 1950-talet, har fleire viltartar vist bestandstilbakegang. Det er særleg arealkrevjande artar (t.d. hønehauk og storfugl) og artar som til dels er avhengige av daud ved (t.d. kvitryggspett og gråspett), som taklar dei moderne driftsformene dårleg. I Masfjorden er det i dag mykje skog som ikkje er så sterkt påverka av skogbruk. Men dei viktigaste viltbiotopane i skogen er gjerne å finne på dei beste bonitetane, og det er i desse områda at også skogbruskinteressene er størst. Der det finst litt eldre lauvskog eller krattskog mot t.d. våtmarker, bør ein dessutan ta omsyn til viltet ved hogst eller rydding, og alltid la ein del slike område stå urørde.

I Masfjorden finst fleire skoglevande viltartar som står på den nasjonale raudlista, somme av dei enno i gode bestandar. Ein pliktar å ta store omsyn til slike artar i arealforvaltinga, men det er eit problem at fleire av artane er temmeleg arealkrevande av natur. Konfliktpotensialet mellom skogbruk og viltforvalting på dette nivået kan såleis bli omfattande i Masfjorden, avhengig av kva rammevilkår og økonomiske perspektiv som vil bli skogbruket til del i framtida. Det er neppe realistisk at førekomst av ein einskild raudlisteart skal kunne stanse einkvar skogsbruksplan i det aktuelle området, men kommunen må ha ein heilskapleg visjon om korleis slike problemstillingar skal handterast. Dersom ein medvite har akseptert inngrep i viktige leveområde for t.d. nokre par kvitryggspett i kommunen, bør ein samstundes gjere det klart at i andre kartlagde leveområde for den same arten skal viltinteressene ha prioritet.

JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er viktig for mange viltartar. Mange viltartar finst i høgare tal i jordbrukslandskapet enn dei ville ha gjort naturleg. Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av (jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda). Særleg det småskala jordbrukslandskapet, er samansett av ei rekkje ulike biotopar med leveområde for mange ulike viltartar.

Fleire av viltartane finst truleg i høgare tal i jordbrukslandskapet enn i dei naturlege leveområda sine. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller kanskje heilt fråverande lokalt utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale, stare og gråsporv). Lyngheimråda i Masfjorden kan òg til ei viss grad reknast til jordbrukslandskapet, og fleire av hekkefuglane i kommunen er knytta til mosaikken av myr og lynghei (t.d. storspove, enkeltbekasin, heipiplerke).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap der tilgangen på ulike levestader er lågare enn ved tradisjonell jordbruksdrift. Karakteristiske trekk ved dagens jordbruk som kan ha negative konsekvensar for viltet er: Attgroing av beitemark, kanalisering og lukking av bekkar, grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, sprøyting, vassforureining ved utslepp av gjødsel og silosaft, tørrlegging og oppdyrking av våtmark.

Viltet kan på si side vere til ulempe for landbruket. I vår del av landet har ei veksande hjortestamme mange stader ført til auka problem med beiteskadar på skog og innmark. I enkelte område med småfedrift kan rovvilt stundom føre til tap, men hos oss har dette problemet generelt vore lite, sett i forhold til andre dødsårsaker blandt småfe. Hausten 2002 gjorde imidlertid jerven stor skade i sauebesetningar i Stølsheimen. Kongeørna kan òg stundom ta lam, og sjølv om dette vanlegvis må reknast som eit lite problem, kan tapa år om anna bli større. Slike problem er som oftast knytt til enkeltindivid.

FRILUFTSLIV OG FERDSEL

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsle i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsle). Ferdslar i utmark er ofte eit resultat av den einskilde si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsle, både til lands og på vatn, nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for uroing, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsle føre til at somme artar endrar bruken av området. Stor generell ferdsle kan føre til lavare bestandar av fleire artar som t.d. hjortevilt, hønefugl og rovfugl. Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført generell bandtvang i Noreg i tida mellom 1. april - 20. august, og mange kommunar i Hordaland har strengare reglar for bandtvang enn dette.

JAKT

Som ved anna ferdsle i utmark kan jakt, ved ferdsle i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også dei artane som ikkje er jaktbare. Jakta foregår imidlertid til den tida på året der viltet er minst sårbart for uroing.

Når det gjeld hjortevilt, er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lavare slaktevekter (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ynskjer at bestanden av dei ulike hjorteviltartane skal vere blir difor ei avveging mellom optimal produksjon i høve til tilgjengeleg beite og omfanget av beiteskadar.

Generelt er uttaket av vilt i samband med jakta rekna å ha liten innverknad på viltbestandane talmessig. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av uttaket og ved at viltet flyttar til andre område. Difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfatter som "skadevilt", felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkonering. I Noreg er det generelt forbod mot eggssamling, og medviten forstyrring av hekke/yngleplassar kan òg i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slikt aktivitet lokalt i Masfjorden er ikkje kjent, men ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast. I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet.

BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI

Bygging av bustadar, industri, havneområde osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar. Direkte ved sjølve arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. I framtidig arealforvaltning er det viktig at industri, bustadfelt eller hyttefelt ikkje blir lagt

innanfor prioriterte viltområde og heller ikkje så nær opptil desse at dei blir vesentleg negativt påverka.

VEGAR

Vegbygging er ofte store naturinngrep. Ein av dei største negative konsekvensane er den fragmenteringa av landskapet som vegbygging fører med seg. Særleg større vegar, med høge vegskjeringar og stor trafikk kan representere vandringshinder for enkelte viltartar. Vegframføring opnar dessutan for auka tilgjenge til område som det frå før var meir tidkrevjande å nå. Dette kan føre til auka forstyrringseffekt langt utanfor sjølve vegtraséen. Påkjørslar av vilt er òg stadig eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast. Ved bygging av traktorvegar og skogsbilvegar er det viktig at skogetaten tar kontakt med viltforvaltingsmyndigheitene, for i størst mogleg grad å unngå alvorlege konflikhtar.

VASSDRAGSREGULERING

Ved kraftutbygging kan det oppstå mange uheldige konsekvensar for viltet, både ved direkte inngrep i hekke- og yngleområde og indirekte ved forringing av næringstilgang. Anleggsverksemda fører ofte til store arealinngrep (vegframføring og tunneltipp), i tillegg kan aktiviteten i anleggsperioden verke forstyrrande. Anleggsvegane lettar dessutan tilgangen til avsidesliggende område.

Sjølve reguleringa kan føre til oversvømming av hekkeområde og dårlegare næringstilgang gjennom uttørring av bekkar og elvar (t.d. dårlegare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Når det gjeld endringar i vassstand er særleg lomartane utsette fordi dei oftast bygger reiret like i vasskanten.

Det har føregått storstillt vasskraftutbygging i Masfjorden, men ein kjenner ikkje til at dette har fått store negative konsekvensar for viltet (kraftleidningsnett og auka ferdsel på anleggsvegar er kanskje den største konsekvensen). Men ettersom Masfjorden har ein relativt sterk lombestand smanlikna med mange andre kommunar på Vestlandet, er denne problemstillinga viktig i kommunen.

Regulering av vassdrag i samband med vassforsyning til drikkevatt og smoltproduksjon kan òg ha negative verknader på viltet. Men vanlegvis er slike reguleringar av mykje mindre omfang enn reguleringar i samband med kraftproduksjon.

KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidningar tek livet av svært mykje fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra. Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsfuglar, reknar ein med at kraftleidningar kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei mindre høgspenlinjene som er farlegast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppene. Men også større høgspenlinjer er farlege, særleg i skumringa og om natta.

Dei fleste fuglane misser livet ved kollisjon med leidningane, men enkelte rovfuglar og ugler er òg utsette for såkalla elektrokusjon. Desse brukar stolpane som utkikkspost og kan få straum gjennom seg når dei rører ved to leidningar eller leidning og jord samstundes. Problemet er kjent både for hubro og hønsheuk, men hubroen er særleg utsett. Problemet kan fjernast ved å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

På grunn av faren for påflyging og elektrokusjon, er det viktig å ta omsyn til viltet ved plassering av nye linjetraséar. Ein bør unngå å legge kraftlinjer gjennom dei prioriterte viltområda, men dersom det likevel ikkje er til å unngå, kan god planlegging redusere skadeverknadane. Kraftlinjer bør ikkje leggjast i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokalitetar, nær spelplassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkeplassar for rovfugl og hubro. I særleg utsette område bør ein vurdere jordkabel.

AVFALL

Opne avfallsplassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av jaktbart vilt. Kor stor rolle kråkefuglane spelar her er høgst usikkert. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr når det gjeld regulering av skogshønsbestandane. I Aust-Agder er det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsheuk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995).

Små, private avfallsplassar kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå storviltjakta kan vere med å oppretthalde «kunstig» høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har



Frå tid til anna oppstår kampanjar for å redusere kråkebestanden ulike stader i Noreg. Aksjonane vert fremja som viltstelltiltak, som eit forsøk på å auke bestanden av «nyttevilt» ved å beskatte potensielle predatorar. Like fullt er den faglege grunngevinga for slike aksjonar ofte mangelfull — det er høgst uklart kva effekt ein kråkebestand har på bestanden av andre lokale viltartar. I Noreg er kråka no ein jaktbar viltart på line med mange andre artar, med ordinært fastsett jaktidsramme. Foto: Ingvar Grastveit.

mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og «feie for eiga dør».

OPPDRETTSANLEGG

Oppdrettsanlegg legg beslag på areal i kystsona og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konflikhtar i høve til viltinteressene. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte uroingseffekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uheldig. Andre konflikhtar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle «konfliktartane» er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe.

Ei undersøking mellom fiskeoppdrettarane i Hordaland som Fiskeridirektoratet og fylkesmannen samarbeidde om i 2001, tyder likevel på at konflikten mellom oppdrettsverksemd og vilt ikkje er særskilt stor i Hordaland. Det er likevel viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltstyresmaktene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konflikhtar.

10. INFORMANTAR

Ei lang rekke personar har medverka til innhaldet i denne rapporten. Særleg viktig har Magne Sleire, som er busett på Hosteland, vore. Gjennom ei årrekke har han følgd dei lokale bestandane av rovfugl og andre spesielle viltartar nøye, noko som gjer at kunnskapsgrunnlaget for fleire av desse artane er uvanleg godt i Masfjorden. Andre viktige informantar har vore Arnor Gullvåg, Ottar Myrtveit, Tore Svendsen og Ottar Johansen.

Ettersom Masfjorden har store skogområde som er viktige leveområde for fleire nasjonalt sjeldne spetteartar, vart det den 20.-21. april

2002 lagt opp til ein «feltdugnad» i kommunen for å kartlegge desse førekostane meir effektivt. Dette vart gjort ved at Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland la årsmøtet sitt til Masfjorden denne helga, og deltakarane kombinerte denne delen av viltkartlegginga med «ordinær fuglekikking» som dei ville ha gjort uansett. Denne dugnaden gav gode resultat, og NOF avd. Hordaland skal ha stor takk for innsatsen.

Takk skal også Bjørn Moe ha, for utveksling av informasjon om aktuelle registreringar ved parallelt feltarbeid.

11. LITTERATUR

- Byrkjeland, S. 1993. Hekkande sjøfugl i Hordaland 1993. *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv., rapp. 14/1993: 1-49.*
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.*
- Byrkjeland, S. & Sætre, J. 1999. *Sjøfugl i Hordaland utanom hekketid.* Intern rapport til Fylkesmannen i Hordaland.
- Byrkjeland, S. & Voie, R. 1999. Sangsvanebestanden i Hordaland – 160% økning siden 1988. – *Krompen 28: 176-187.*
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. *MVA-rapport 2-1996. 74 s.*
- Direktoratet for naturforvaltning 1996. *Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.*
- Direktoratet for naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. *DN-rapport 1999-3. 162 s.*
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas.* Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? *Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.*
- Håland, A. & Byrkjeland, S. 1985. Vintertellinger av sjøfugl i Nordhordland februar 1985. *Zool. Mus., Univ. i Bergen, Rapp. Ornitologi nr. 23: 1-69.*
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. - *Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.*
- Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Masfjorden. *MVA-rapport 3/2003.*
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonnerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. *Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbruks-høgskole.*
- Smedshaug, C.A. og Sonnerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. *Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.*
- Steen, O.F. 1996. Vandrefalkens bestandsstatus i Norge - fylkesoversikt pr. 1995. *Vandrefalken 3: 7.*
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. *Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.*
- Syvbertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2000. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. *Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.*

VEDLEGG I. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har ein prøvd å gje ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Masfjorden. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårleg. Og særleg når det gjeld ein del smågnagarar og fugleartar, varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i førekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuteras, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekomst
D konstatert yngling	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynlig yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanleg
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

Dyregruppe	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	1	1	0	0	2
Krypdyr	1	0	0	0	1
Fuglar	82	23	3	31	139
Pattedyr	7	11	1	1	20
Totalt	91	35	4	32	162

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
AMFIBIUM						
Padde	<i>Bufo bufo</i>	C	xx	xx	xx	i dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	xx	xx	xx	i dvale
KRYPDYR						
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	xx	xx	xx	i dvale
FUGLAR						
LOMMAR						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	D	x	2-5 par	x	
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	D	x	2-4 par	x	
DYKKARAR						
Gråstrupedykker	<i>Podiceps grisegena</i>	O				(x)
Horndykker	<i>Podiceps auritus</i>	O				(x)
PELIKANFUGLAR						
Havsule	<i>Sula bassana</i>	O	x		x	
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	xx	x	xx	xx
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	O				x
STORKEFUGLAR						
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	xx	xx	xx	xx
ANDEFUGLAR						
Sangsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	x			x
Grågås	<i>Anser anser</i>	D	xx	xx	xx	
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	D	x	5-6 par	x	x
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O	(x)			
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	O	(x)	(x)		
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	O	x		x	x
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	xx	xx	xx	
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	xx	xx	xx	xx
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	O	xx		xx	xx
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	D	xx	xx	xx	xx
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	x			x

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	C	x	1 par		(xx)
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	xx		xx	xx
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	xx	xx	xx	xx
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	x			x
ROVFUGLAR						
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	D	x	3-5 par	x	x
Hønehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	x	3-5 par	x	x
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	D	x	x	x	x
Musvåk	<i>Buteo buteo</i>	O			(x)	
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	D	x	x	x	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	D	x	2 par	x	x
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(x)			
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	D	x	x	x	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	C	x	x	x	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	D	x	1-2 par	x	x
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	D	x	2-4 par	x	x
HØNSEFUGLAR						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Fjellrype	<i>Lagopus mutus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	x	x	x	x
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	xx	xx	xx	xx
TRANEFUGLAR						
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	B*		xx		
Trane	<i>Grus grus</i>	O	(x)			
VADEFUGLAR						
Tjeld	<i>Haematopus ostralgeus</i>	D	xx	xx	xx	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	xx	xx	xx	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	xx	xx	xx	
Fjøreplytt	<i>Calidris maritima</i>	D	x	x	x	x
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	xx	xx	xx	
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	xx	xx	xx	x
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	C	x	x		
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	xx	xx	xx	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	xx	xx	xx	
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	xx	xx	xx	
Steinvendar	<i>Arenaria interpres</i>	C	x	x	x	x
JOAR, MÅSAR OG TERNER						
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	O	(xx)	(xx)		
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	O	(xx)		(xx)	
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	xxx	xxx	xxx	x
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	D	xx	xx	xx	
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx
Svartbak	<i>Larus marinus</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx
Krykkje	<i>Rissa tridactyla</i>	O		x	x	
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	D	xx	xx	xx	
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	D	x	x	x	
ALKEFUGLAR						
Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O	x			xx
Alke	<i>Alca torda</i>	O				(xx)
Teist	<i>Cepphus grylle</i>	D	x	x	x	x
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O				x
DUER						
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	D	xx	xx	xx	
Tyrkardue	<i>Streptopelia decaocto</i>	O		(x)		

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
GAUKEFUGLAR						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	xx	xx	xx	
UGLER						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	C	x	2-4 par	x	x
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O			(x)	(x)
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	xx	xx	xx	xx
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O			(x)	(x)
SEGLARAR						
Tárnseglar	<i>Apus apus</i>	O	x	x		
RÅKEFUGLAR						
Bietar	<i>Merops apiaster</i>	O			(x)	
Hærfugl	<i>Upupa epops</i>	O			(x)	
SPETTEFUGLAR						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	B	(xx)	(xx)		
Gråspett	<i>Picus canus</i>	C	x	10 par	x	x
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	D	xx	>30 par	xx	xx
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	C	x		xx	xx
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	xx	25 par	xx	xx
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	D	x	x	x	x
SPORVEFUGLAR						
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D	x	x	x	
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	xxx	xxx	xxx	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	xx	xx	xx	
Trepplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	xx	xx	xx	
Heipplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	xxx	xxx	xxx	
Skjærpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	D	x	x	x	x
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	xxx	xxx	xxx	
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>		(x)			
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O				(xx)
Fossekall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	xx	<50 par	xx	xx
Gjerdsmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	xxx	xxx	xxx	xx
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	xxx	xxx	xxx	
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	xxx	xxx	xxx	xx
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	D	x	x	x	
Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	D	x	x	x	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	C	x	x	x	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	xx	xx	xx	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	xx	xx	xx	
Svarttrast	<i>Turdus merula</i>	D	xxx	xxx	xxx	xx
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	xxx	xxx	xxx	
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	xx	xx	xx	
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	xxx	xxx	xxx	x
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	C	x	x	x	
Tornsongar	<i>Sylvia communis</i>	C	xx	xx	xx	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	C	xx	xx	xx	x
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	C	xx	xx	xx	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	xxx	xxx	xxx	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	C	xxx	xxx	xxx	x
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	C	x	x	x	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	xx	xx	xx	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	xx	xx	xx	xx
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	C	xx	xx	xx	xx
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	xx	xx	xx	xx
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	C	x	x	x	x
Tomskate	<i>Lanius collurio</i>	O	(x)			
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	C	xx	xx	xx	xx
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	xx	xx	xx	xx
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	O				(x)
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	xx	xx	xx	xx
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	xxx	xxx	xxx	x
Gråspurv	<i>Passer domesticus</i>	D	x	x	x	x
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	xxx	xxx	xxx	x
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx
Grønnefink	<i>Carduelis chloris</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx
Grønneisik	<i>Carduelis spinus</i>	C	xxx	xxx	xxx	xxx
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	C	xx	xx	xx	
Brunneisik	<i>Carduelis cabaret</i>	D	?	?	?	?
Gråneisik	<i>Carduelis flammea</i>	C	xx	xx	xx	xx
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	B	x	x	x	x
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	C	xx	xx	xx	xx
Snøspurv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	C	xx	xx	xx	
Gulspurv	<i>Emberiza citrinella</i>	C	x	x	x	x
Sivspurv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	xx	xx	xx	

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	x	x	x	i dvale
Vanleg spissmus	<i>Sorex araneus</i>	C	x	x	x	x

FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C		xx		i dvale
Skjeggflaggermus	<i>Myotis mystacinus</i>	C		xx		dvale/trekk
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	xx	xx	xx	i dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	C		xx		i dvale
Langøyreflaggermus	<i>Plecotus auritus</i>	B		(x)		i dvale

ROVDYR

Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	D	xx	xx	xx	xx
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	xx	xx	xx	xx
Røyskatt	<i>Mustela erminea</i>	C	xx	xx	xx	xx
Mår	<i>Martes martes</i>	C	xx	xx	xx	xx
Oter	<i>Lutra lutra</i>	C	xx	xx	xx	xx

HJORTEDYR

Elg	<i>Alces alces</i>	O			(xx)	
Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx

HAREDYR

Hare	<i>Lepus timidus</i>	C	x	x	x	x
------	----------------------	---	---	---	---	---


GNAGRARAR

Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	xx	xx	xx	xx
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	C	xx	xx	xx	xx
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx
Gråsidemus	<i>Clethrionomys rufocanus</i>	C	xx	xx	xx	xx
Lemen	<i>Lemmus lemmus</i>	D	xxx	xxx	xxx	xxx

VEDLEGG II. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Opplysningar unnateke offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrappen er hjorteviltkartet og kartet over prioriterte viltområde vedlagt. Prioriteringskartet er framstillt på grunnlag av dei andre temakarta og nokre område er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.

Med unntak av opplysningane som er unnateke offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte trua og sårbare artar), er underliggende opplysningar allment tilgjenge gjennom Naturbasen på Direktoratet for naturforvaltning sine heimesider: www.naturforvaltning.no




Kart 1. Arealdekke

- Skog
- Dyrka mark



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50).

Kartet skil ikkje mellom bar- og lauvskog, men furuskogen har si største utbreiing i vestlege og midtre delar av kommunen.




Kart 2. Hjord

-  Viktige vinterbeite
-  Trekkeveggar
-  Skog
-  Jordbruksareal



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)



Kart 3. Prioriterte viltområde

-  A - Svært viktig
-  B - Viktig
-  Sjøfuglreservat
-  Skog
-  Jordbruksareal



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernkv. Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)

ISBN 82-8060-017-5
ISSN 0804-6387